



HØGSKOLEN
I BERGEN

BERGEN UNIVERSITY COLLEGE

Rapport og planer

2013-2014

FØREORD

Rapport og planar for 2013-2014 er utarbeidd i samsvar med retningsliner frå departementet. Dokumentet har vore handsama i høgskulestyret i fleire omgangar, siste gong i møtet den 13. mars der styret slutta seg til hovudlinene i dokumentet. Rektor og direktør fekk i fullmakt å sluttredigere dokumentet.

Arbeidet med plandelen starta opp haustsemesteret 2013. For å integrere risikostyringa i planarbeidet, startar dokumentet med ein gjennomgang av dei kritiske suksessfaktorane som bygger opp under dei strategiske måla slik dei er definerte i Strategisk plan. Planen for 2014 byggjer vidare på det arbeidet som er gjort i 2013 med å realisere overordna strategiar. Høgskolen vil i heile 2.tertial vere prega av flytting og omorganisering og det er venta at det faglege arbeidet kjem noko i bakgrunnen.

2013 har vore eit år der høgskulen har hatt stor framgang på ein rekke av målindikatorane. Økonomien er ytterlegare styrka både i forhold til dei forventa auka kostnadene og med måla om strategiske avsetningar. Dette er viktige grep for høgskolen i arbeidet med å styrke utdanningane og forskinga.

Høgskolen har gjort store framsteg på arbeidet med doktorgradane, og har i 2013 sendt inn to søknader om godkjenning. Under arbeidet med rapporten har vi blitt kjent med at den eine av disse to søknadane alt er godkjent av NOKUT. Høgskolen har starta opp arbeidet med den fjerde doktorgraden i 2014 etter vedtak i styret i desember 2013, og vidareført arbeidet med den tredje.

Høgskolen har arbeidd jamt og godt med kvaliteten i utdanningane. Høgskolen kan vise til gode søkjartal, god gjennomstrøyming og eit rekordhøgt tal kandidatar. Kandidatane våre er etterspurde, og på ingeniørutdanninga fekk 80% av kandidatane jobb eit halvt år før dei var ferdige med studiane.

Årsplan 2014 inngår som grunnlag for den interne budsjettfordelinga, særleg dei strategiske avsetningane og oppfølging av samlokaliseringsprosjektet. Høgskolen vil gjennom heile 2014 vere prega av flytting til nye campusar på Kronstad og i Møllendalsveien og året 2014 vil på mange måtar stå fram som eit unnataksår. Det har vore arbeidd med dette over fleire år, inkludert risikovurderingar og analysar av sårbarheit. Men særleg i vårsemesteret 2014 og ut over sommaren vil det vere høg intensitet i detaljplanlegging, gjennomføring av flytteplanen, mottak av utstyr og tilrettelegging av nye lokalitetar. I tillegg kjem tilbakestilling av tidlegare leigeobjekt. Parallelt med dette har høgskolen over fleire år arbeidd med omstilling og omorganisering av dei administrative tenestene frå ein meir desentralisert studiestadstruktur til ein sentralisering inn mot to studiestader.

Arbeidet med samlokaliseringa er så langt i rute. Det vidare arbeidet fram mot oppstarten i haustsemesteret vil vere prega av knappe fristar og høg intensitet, særleg i perioden 1. mai til 22. august når studentane møter på campus. Heile høgskolen går inn i ein særskilt krevjande periode for tilsette, studentar og leiing, både i overgangsfasen og i oppstarten på nye studiestader. Likevel er vi overtydde om at dette vil gje positive ringverknader og at samlinga vil gje eit stort løft og ein høgare kvalitet i heile høgskolen i åra som kjem.

Ole-Gunnar Søgner
rektor

Audun Rivedal
høgskoledirektør

Innhold

FØREORD	2
2. RESULTATRAPPORTERING FOR 2013.....	4
Innleiing 4	
Sektormål 1 Universitet og høgskolar skal gje utdanning av høg internasjonal kvalitet i samsvar med samfunnets behov.	7
Sektormål 2 Universitet og høgskolar skal i tråd med sin eigenart, utføre i forskning, kunstnarisk- og fagleg utviklingsarbeid av høg internasjonal kvalitet.....	10
Sektormål 3 Universitet og høgskolar skal vere tydelege samfunnsaktørar og bidra til formidling, internasjonal, nasjonal og regional utvikling, innovasjon og verdiskaping.	13
Sektormål 4 Universitet og høgskolar skal effektiv forvaltning av verksemda, kompetansen og ressursane i samsvar med samfunnsrolla si.	16
Anna rapportering.....	20
2.3.1 Oppfølging etter etatsstyringsmøtet i 2013	20
2.3.2 Aktivitetskrav	22
2.3.3. Rapportering om SAK-prosesser.....	23
2.3.4. Kvalitet i førskulelærarutdanninga	24
2.3.5 Universell tilrettelegging.....	24
2.3.6 Studentkapasitet.....	24
2.3.7 Midlar tildelt over budsjettkapittel 281	27
2.3.8 Rapportering på likestilling	29
2.3.9 Større investeringsprosjekter	29
2.3.10 Forvaltning av aksjefullmakt.....	29
2.3.11 Sikkerhet og beredskap	29
ÅRSPLAN 2014	31
3. Planar for Høgskolen i Bergen i 2014	32
3.1 Innleiing om suksessfaktorar og risikoar	32
3.2 Planer for verksemda 2014.....	34
Sektormål 1: Universitet og høgskular skal gi utdanning av høg internasjonal kvalitet i samsvar med samfunnet sitt behov.....	35
Sektormål 2: Universitet og høgskular skal i tråd med sin eigenart, utføre forskning, kunstnarisk- og faglig utviklingsarbeid av høg internasjonal kvalitet.....	39
Sektormål 3: Universitet og høgskular skal vere tydelege samfunnsaktørar og bidra til formidling, internasjonal, nasjonal og regional utvikling, innovasjon og verdiskaping.....	42
Sektormål 4: Universitet og høgskular skal ha effektiv forvaltning av verksemda, kompetansen og ressursane i samsvar med si samfunnsrolle.....	45
Grafisk framstilling av risikoar knytt til kritiske suksessfaktorar	50
3.2 PLAN FOR TILDELT BEVILGNING FOR 2014	55
Vedlegg.....	61
RAPPORT OG PLANER 2013-2014 LIKESTILLING OG MANGFOLD.....	61
Aktiviteter kjønnslikestilling	64
Tiltaksrapportering – likestilling og diskriminering	65

2. RESULTATRAPPORTERING FOR 2013

Innleiing

Resultatrapporteringa for 2013 tek utgangspunkt i årsplanen for 2013 i struktur og innhald som i sin tur er basert på målstrukturen Kunnskapsdepartementet (KD) har lagt for 2013. Rapporteringa er dessutan gjennomført i samhøve med rapporteringskrava KD har stilt i tildelingsbrev for 2013 og 2014 og i dokumentet *Rapporteringskrav for statlige universiteter og høyskoler for 2013*.

Høgskolen har i tråd med føringane utarbeidd verksemdsmål som med utgangspunkt i høgskolens strategiske plan for styreperioden. Rapporteringa er derfor fokusert på gjennomføring og måloppnåing for verksemdsmåla med bakgrunn i tiltaka som var satt opp. Til dei forskjellige verksemdsmåla er det knytt kvantitative styringsparameter. Dei fleste av desse er fastsette av KD, medan eit mindretal er definert av høgskolen sjølv (merka HiB). Her er det knytt kommentarar til måloppnåing relatert til dei måltala som blei definerte for 2013. I tråd med krava er omtalen av kvart sektormål avrunda med kvalitative vurderingar av tema definert av KD.

Resultatrapporteringa for 2013 omhandlar også høgskolens risikovurdering knytt til dei enkelte verksemdsmåla. Desse er kommenterte i samband med rapporteringa på den enkelte verksemdsmål.

Deretter følgjer «Anna rapportering» og «Felles føringar», i tråd med krava til rapportering stilt av KD. Det er også ei rekkje vedlegg knytt til rapporten.

Høgskolestyret godkjende det samla dokumentet Rapport 2013– årsplan 2014 i styremøtet 13. mars 2013.

Arbeidet i styret

Høgskolestyret hadde i 2013 denne samansettinga:

Styreleiar: rektor Ole-Gunnar Søgner

Medlemmer

Tilsette i undervisnings- og forskarstillingar:

Sissel Johansson Brenna
Asle Holthe
Beate Lode

Tilsette i teknisk-administrative stillingar:

Henning Norheim

Studentar (fram til 31.7.)

Pernille Marie Våge
Edgar Karlsen

Studentar (frå 1.08.)

Pernille Marie Våge
Anders Kvernmo Langset

Eksterne medlemmer:

Kristian Helland
Mona Røsvik Strømme

Atle Tidemann

Sissel Østberg

Vara

1. Ragnar Gjengedal
2. Marit Graue
3. Njål Vindenes

1. Liv Kjelleberg
2. Marianne Mathiesen
3. Giselda di Giovanni

1. Rasmus Haugen Sandvik
2. Monika Olsen

1. Ingrid Lothe Eldholm
2. Marius Eidem

Inge Alver (personleg vara for K. Helland)
Aud Karin Oen (personleg vara for M. R. Strømme)
Frédéric Verhelst (personleg vara for A. Tidemann)
Gunhild Utkvitne (personleg vara for S. Østberg)

Prorektor Bjørg Kristin Selvik var vararepresentant for rektor i styret.

Styret hadde i 2013 ni møter, og handsama 123 saker. Styret heldt eit ekstraordinært møte i samband med godkjenning av årsrekneskap. Dette kom opp dels som følgje av at dei ordinære styremøta ikkje var tilpassa rapporteringsfristane og dels som følgje av at styret ønskte å handsame saka i plenum i tråd med departementets intensjonar. Styret hadde gjennom året møte med alle dei tre avdelingane og med Studentparlamentet.

Blant dei strategisk viktigaste sakene som høgskolen har arbeidd med i 2013 er handsaminga av to doktorgradssøknadar og saker direkte knytt til forvaltning av og gjennomføring av denne type verksemd ved høgskolen. Mot slutten av året har styret handsama ein innleiande runde knytt til arbeidet med det fjerde doktorgradsområdet. Arbeidet med det tredje doktorgradsområdet har gått i organisasjonen parallelt. Det gjennomgåande største arbeidet har likevel vore knytt til samlokaliseringa på Kronstad og Møllendalsveien og sakene som omhandlar omstilling og omorganisering.

Styret har hatt eit særleg fokus på å følgje opp høgskolens økonomi både med omsyn til dei strategiske veivala, strategiske satsingane og behovet for ein oversiktleg økonomi. Gjennom dei siste åra har høgskolen arbeidd målretta med å betre det økonomiske handlingsrommet. Gjennom eigne avsettingar skal høgskolen både sikre dei overordna strategiske målsetingane og takle dei auka husleigekostnadane som dei nye lokala vil påføre høgskolen. I tillegg kjem behovet for reserver som kan dekke uføresette utgifter i samband med flyttinga.

Styret har fått jamlege oppdateringar frå administrasjonen om framdrifta på dei nye lokala, samlokaliseringa og omorganiseringa av drift og studieadministrasjonane.

Styret er etter innleiande drøftingar samde om at arbeidet med ny strategisk plan for den neste 4-årsperioden kan førebuast av sittande styre, men utarbeidast og startast opp av det nye styret som skal ta over i 2015. Eksisterande strategiske plan vil bli rullert i haustsemesteret 2014.

Sektormål 1 *Universitet og høgskolar skal gje utdanning av høg internasjonal kvalitet i samsvar med samfunnets behov.*

Kvalitativ styringsparameter

- Studentane skal lukkast med å oppnå læringsutbyttet som er definert for studieprogramma.

Verksemdsmål 1.1 Høgskolen i Bergen skal tilby solide, forskingsbaserte og relevante utdanningar på eit høgt fagleg nivå.

Verksemdsmål 1.2 Høgskolen i Bergen skal i 2013 legge gode planar for flytting av verksemda til Kronstad og Møllendalsveien i 2014, med mål om at det ikkje skal gå ut over kvaliteten på utdanningane.

Høgskolen i Bergen har i hovudsak gjennomført og starta alle dei planlagde tiltaka under verksemdsmålet.

Høgskulen hadde ein rekordgod søknad og opptak til både bachelor- og mastergradsstudia for opptaket 2013. Høgskulen gir utdanning av høg kvalitet i samsvar med behova i samfunnet. Det viser både søkjartala våre og inntakskvaliteten vi har på dei nye studentane våre. I tillegg viser resultat i det nasjonale studiebarometeret det same, understøtta av funna i Karrieresenteret si tidsserierapport frå 2003-2011. Dei ferdige kandidatane frå høgskolen er attraktive på arbeidsmarknaden, kjem raskt i arbeid og opplever god relevans i utdanninga.

Høgskulen har i 2013 arbeid med vidareutvikling av studieporteføljen med tanke på universitetsambisjonen. I den samanhengen er det utarbeidd og innlevert søknader om akkreditering både av nye mastergradstudiar og to ph.d.-studiar. Arbeidet med den tredje ph.d.-utdanninga har vore vidareført i rapporteringsåret og ved utgangen av 2013 handsama høgskolestyret eigen sak om utvikling av det fjerde doktorgradsområdet.

I 2013 blei det starta opp eit arbeid med å styrke informasjonskompetansen til masterstudentane gjennom utvikling av eit særskilt undervisningsopplegg om dette temaet. Høgskolebiblioteket har hatt ansvaret for undervisninga og tilbodet vil bli vidareført også i 2014.

Høgskolen i Bergen hadde som tiltak å vidareføre arbeidet med læringsutbyttebeskrivingar for alle faga i 2013. Erfaringane tyder på at høgskolen har god måloppnåing. Høgskulen er inne i ei positiv utvikling og kan vise til gode og aukande resultat på nær sagt alle dei kvantitative måla som var sette for 2013. HiB hadde ein god auke i studiepoengproduksjonen frå 2012 til 2013 og vi nådde eigne mål med god margin. Kandidatproduksjonen har auka ved høgskulen sett under eitt og ved alle avdelingane.

Dei tilsette og studentane ved høgskulen er opptekne av å kople utdanning og forskning. Involvering av studentar i forskinga var tema for høgskulen sin interne FOU-dag i 2013 og dette har også vore tema på fellesmøte mellom FoU-utvalet og Utdanningsutvalet. Kopling mellom utdanning og forskning inngår i arbeidet med søknad om akkreditering av ph.d.-utdanningane og både bachelor- og masterstudentar har vore engasjerte bidragsytarar i arbeidet med desse søknadene.

Eit anna element i forskingsbasert utdanning er målretta rekrutteringsarbeid ved nyttilsetting. I 2013 har høgskolen rekruttert fleire tilsette med forskingskompetanse og delteke på

internasjonale rekrutteringsmesser for å avhjelpe ein vanskeleg rekrutteringssituasjon i nokre fag

Arbeid med å utvikle fleire fellesgradar og engelske mastergradar har vore på agendaen også i 2013, men det har ikkje kome til fleire nye gradar på desse områda i 2013. Arbeid med utvikling av slike studietilbod er ressurskrevjande og krev målretta arbeid over lang tid. Dette arbeidet er forankra i og blir vidareutvikla under høgskolens Handlingsplan for internasjonalisering.

Høgskolen har sett det som ein mogleg risiko at utdanningane ikkje blei tilstrekkeleg forskingsbaserte om ein ikkje rekrutterte fagleg personale med tilfredstillande forskingskompetanse. Sannsyn for ein slik risiko har vore rekna som låg. Som det går fram av plan 2014 sektormål 4, er tilgangen på kvalifiserte fagpersonar fortsatt rekna som ein potensiell risiko, likevel er inntrykket for 2013 at høgskolen har greidd å rekruttere til dei utlyste stillingane, personar som fyller krava. Under sektormål 4 går det fram at Høgskolen har tatt initiativ til auka internasjonal rekruttering som et ledd i arbeidet. Arbeidet må vidareførast med tanke på å sikre nødvendig kvalitet i rekrutteringa.

Høgskolen har arbeidd målretta med å sikre gode planer for avvikling av eksamen og gjennomføring av undervisninga i 2014. Dette arbeidet skal vidareførast inn i neste planperiode.

Det er gjort vedtak om å utsette semesterstart med ei veke hausten 2014 for å sikre at høgskolen er så godt som mogleg operativ på dei nye stadene når studentane kjem. Vidare er det planlagt for at det finns tilstrekkeleg med lokalar for gjennomføring av eksamen og kontinuasjonseksamen.

Risikobildet for verksemdsmålet er knytt til gjennomføring av samlokaliseringa. I skrivande stund er det aller meste av arbeidet i rute. Ser ein under sektormål 4 har høgskolen gjort tiltak for å redusere risikoen knytt til innkjøp av utstyr til ny campus mellom anna gjennom mellomlagring av leveransar. Dette har vore nødvendig for å sikre at materiell er tilgjengeleg når det skal monterast og takast i bruk. Høgskolen ikkje har direkte tilgang til lokala før overtakinga av bygget 1.mai 2014, og all planlegging tek utgangspunkt i at vår operative del av arbeidet startar då.

I høve til sjølve framdrifta på bygget har høgskolen få indikasjonar frå Statsbygg på at arbeidet med ferdigstilling vil strekkje seg ut over tidspunkt for planlagt overtaking 1. mai 2014

Kvantitative styringsparameter sektormål 1

Styringsparameter	Resultat			mål 2013
	2011	2012	2013	
Gjennomføring på normert tid (KD) ¹	91,1	91	91,5	92
Delen uteksaminerte kandidatar tatte opp på doktorgradsprogram seks år tidlegare (KD)	0,5	0,7	0 ²	0,7
Talet på kvalifiserte førstevalssøkjjarar per studieplass (HiB)	2,15	2,1	2,20	2,25
Talet på nye studiepoeng per eigenfinansiert heiltidsekvivalent per år (HiB)	49,6	50,8	51,3	50
Talet på studentar per årsverk i undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling (HiB)	15,6	15	14,2	15
Studiepoengproduksjon for høgskolen totalt (HiB)	5359	5887	6125	5270
Talet på utvekslingsstudentar totalt over 3 mnd. (ut/innreisande) (HiB)	227/73	265/60	227/72	255/90
Talet på utvekslingsstudentar på masternivå over 3 mnd. (ut/innreisande) (HiB)	0/0	1/0	2/0	4/0
Talet på utvekslingsstudentar totalt (ut/innreisande) (HiB)	264/86	274/70	234/97	300/90
Talet på framandspråklege mastergradar (HiB)	2	2	2	2
Studietilbod i samarbeid med andre institusjonar (fellesgradar) (HiB)	4	4	4	4

¹ Rapport for denne parameteren finst ikkje i DBH eller FS enno. Vi har derfor valt å bruke rapporten «Gjennomføring i henhold til avtalt utdanningsplan».

² Høgskolen hadde tatt opp 2 studentar det aktuelle året, men ingen av desse var uteksaminert i 2013. Høgskolen hadde for øvrig 9 kandidatar som disputerte i 2013.

Sektormål 2 *Universitet og høgskolar skal i tråd med sin eigenart, utføre i forskning, kunstnarisk- og fagleg utviklingsarbeid av høg internasjonal kvalitet*

Kvalitative styringsparameter

- Resultatoppgåing på forskning i høve til sin eigenart.
- Samspel mellom forskning og utdanning.

Verksemdsmål 2.1 *Høgskolen i Bergen skal auke aktiviteten og kvaliteten innanfor FoU-verksemd, og medverke til å utvikle eit kunnskapsbasert arbeidsliv.*

Høgskolen i Bergen har lagt bak seg eit år med mykje godt arbeid knytt til FoU/N-verksemda. Høgskolen har i all hovudsak gjennomført planlagde tiltak. Desse verkar inn på dei ulike måla som høgskolen har i sin Strategi for forskning, utvikling og nyskaping (FoU/N) 2011-2015 og som i sin tur er knytt til strategisk plan for HiB. Desse tiltaka støttar blant anna opp under dei kvalitative styringsparametrane som er etterspurde av Kunnskapsdepartementet for 2013. Dette ser vi særlig i samband med forskings-verksemda knytt til profesjonsfaga. Som det også kjem fram under sektormål 1 har Høgskolen arbeidd med å styrke samspelet mellom forskning og utdanning blant anna gjennom fellesmøter for utvala for forskning og utdanning, og gjennom involvering av studentar i arbeidet med utvikling av nye utdanningar.

Planen for 2013 var å sende søknad til NOKUT om akkreditering av minst eitt ph.d.-studium. Høgskolen sende i 2013 inn to søknader til NOKUT om akkreditering av ph.d.-studiar. Den eine søknaden (sendt til søknadsfrist 1. mai) omhandla studiar av danning og didaktiske praksisar knytt til skule og barnehage, og er forankra ved Avdeling for lærarutdanning. Den andre søknaden (sendt til søknadsfrist 1. november) er forankra ved Avdeling for helse- og sosialfag og gjeld ph.d.-studium i kunnskapsbasert praksis i helsefag. Det tredje området som er under utvikling for ph.d.-studium er ICT-Engineering, forankra ved Avdeling for ingeniørutdanning. I tillegg vedtok høgskolen i 2013 å starte arbeidet med et fjerde ph.d.-studium med arbeidstittel «Innovasjonspraksis i et profesjons- og samfunnsperspektiv».

For å intensivere utviklinga av doktorgradsområda blei det utlyst ei ny professorstilling til kvar avdeling spesielt retta mot utvikling av desse. Vidare blei det tildelt strategiske midlar for vidare utvikling av doktorgradsområda i form av koordineringsmidlar, internasjonalisering, stipendiatstillinger og professorkvalifisering.

Høgskolen har dei siste åra gradvis intensivert arbeidet med å hente inn eksterne forskingsmidlar. Dette inneber mellom anna ei styrking av den forskingsadministrative støtta i forbindelse med alle fasar av eksternfinansierte forskingsprosjekt - frå søknadsutvikling og budsjettering til rapportering. Høgskolen har i 2013 nådd måltalet for midlar frå Noregs forskingsråd. Resultatet går fram av tabellen under.

Høgskolen hadde ein plan om å nå 240 vitenskaplege publikasjonar i 2013. Vår erfaring er at desse tala varierer frå år til år. Høgskolen har satsa mykje på å halde oppe denne delen av verkemda. Førebelse tal tyder på at vi kan ha nådd måla i talet på publikasjonar, men har hatt ein noko lågare poengproduksjon enn venta.

Høgskolen etablerte i 2013 som planlagt eit publiseringsutval for høgskolen.

For å stimulere til meir samarbeid og læring på tvers av forskingsgrupper, samt bidra til erfaringsutveksling, starta høgskolen hausten 2013 med seminar, kalla forskingsfrukost. Tema for dei tre seminarane i 2013 var ekstern forskingsfinansiering, vitenskapleg publisering og forskningsetikk.

Høgskolen hadde 9 tilsette som disputerte for doktorgraden i 2013. I samsvar med etablert forskarutdanningsplattform blei det i haustsemesteret arrangert felles seminar for alle stipendiatane ved høgskolen der tema var utanlandsopphald, publisering og informasjonskompetanse. Relevant informasjon for ph.d.-studentane er samla på nettstaden *PhD on Track* (<http://www.phdontrack.net>) som er ein nettstad utvikla i samarbeid med andre nasjonale og internasjonale utdannings-, forskings- og formidlingsinstitusjonar.

Vidare er det starta eit arbeid med å utarbeide eit «ansikt- til- ansikt»-kurstilbod for målgruppa.

Høgskolen har ikkje hatt kapasitet til å arrangere eigne kurs i forskingsleiing i 2013, men utvikling av forskingsleiing vert no inkludert i høgskolens generelle arbeid innan leiarutvikling.

Høgskolen arbeider på strategisk nivå med å knytte saman forskning og utdanning. Forskinga si plass i profesjonsutdanningane var mellom anna overordna tema for høgskolen sin FoU-konferanse 13. november.

Høgskolen har utvikla internkontrollsystem for forskning under helseforskningslova og for forskning under personopplysningslova, og har også oppretta ein eigen forskingsserver for trygg lagring av forskingsdata. Desse tiltaka skal bidra til å sikre datagrunnlaget og bidratt til høg etisk kvalitet i FoU-arbeidet. Tiltaket blei implementert ved høgskolen i 2013. Som del av dette skal det gjennomførast rutinemessig kontroll av FoU-prosjekt som fell inn under helseforskningslova og personopplysningslova, og ein slik internkontroll blei for første gang gjennomført i 2013. Ved denne internkontrollen blei 20% av høgskolens prosjekt med FoU-tid og ein bachelorutdanning og ein mastergradsutdanning ved høgskolen kontrollert.

Høgskolen etablerte i hausten 2013 eit reielegheitsutval. Formålet med utvalet er å førebygge ureielegheit i forskning og for å ha etablerte rutinar ved mistanke om ureielegheit.

Risikovurderingane høgskolen gjorde for sektormålet i 2013 var for ein stor del knytt til framdrift på utviklinga av doktorgradane og forhold knytt til personellressursar inn mot desse. Høgskolen vurderer det arbeidet som er gjort som tilfredsstillande. Arbeidet er ikkje slutført, men vurderingane er at progresjonen i måloppnåinga jamt over god og har stor verdi for resten av verksemda ved høgskolen.

At høgskolen nådde målet om å levere to søknadar framfor berre ein, tyder på at ein har funne fram til gode opplegg og at kvalitetssikringa av prosessane er høgst tilfredsstillande.

Høgskolen har i skrivande stund (februar 2014), fått akkreditert den eine av søknadane av NOKUT og ventar no på endeleg godkjenning frå KD for oppstart.

Kvantitative styringsparameter:

Styringsparameter	Resultat			Mål 2013
	2011	2012	2013	
Talet på vitenskapleg publisering	221	198	271 førebelse tal rapporteringsfrist 1.4.14	240
Vitenskapleg publisering, målt i publikasjonspoeng (HiB) ³	113	142	126,4 førebelse tal rapporteringsfrist 1.4.14	130
Midlar frå Noregs forskingsråd (i tusen kr) (HiB)	8.212	10.512	14.167	14000

³ Talet på publikasjonspoeng for 2013 er ikkje klart for denne rapporten, fordi rapporteringsfristen til Cristin for publikasjonar ikkje er før 1. april 2014.

Sektormål 3 *Universitet og høgskolar skal vere tydelege samfunnsaktørar og bidra til formidling, internasjonal, nasjonal og regional utvikling, innovasjon og verdiskaping.*

Verksemdsmål 3.1 Høgskolen i Bergen skal vere ein sentral samarbeidspartnar og aktør i det regionale samfunns- og næringslivet. Høgskolen skal delta i samarbeidsprosjekt, kunnskapsutvikling og kompetanseoppbygging som kan gje menneske betre livsvilkår, regionalt, nasjonalt og internasjonalt.

Høgskolen har gjennomført dei fleste tiltaka under sektormål 3 i 2013. Høgskolen er ein sentral samarbeidspart og aktør i det regionale samfunns- og næringslivet og i 2013 fekk samarbeidet med Råd for samarbeid med arbeidslivet (RSA) for alvor ein oppsving.

Høgskolen har arrangert den andre regionale konferansen om omsorgsteknologi. Konferansen blei godt mottatt. Det skal arrangerast tilsvarande konferansar kvart år i åra som kjem.

Den desentraliserte ingeniørutdanninga i undervassteknologi i Florø hadde oppstart hausten 2013, og nytt opptak skal gjerast for hausten 2014.

Høgskolen har i 2013 utarbeidd nye retningslinjer og rutiner for publisering i Skriftserien høgskolen har etablert. Nye utgjevingar og utvalde tidlegare utgjevingar er gjort tilgjengelege i HiB sitt institusjonelle arkiv BORA-HiB. BORA-HiB er no igjennom første utviklingsfase i regi av biblioteket. Arkivet er konvertert til KnowledgeArc-plattformen. Brukargrensesnittet er utvikla med spesielt omsyn til å kunne finne igjen masteroppgåver produsert ved HiB, samt enkel tilgang til utgjevingar i Skriftserien. Det vert arbeidd vidare med utvikling av interne rutinar for datafangst, med mål om å få fleire av masteroppgåvene inn i arkivet. BORA-HiB er vedteke som hovudmedium for utgjeving av Skriftserien.

Vidare har det vore mykje på arbeid med å etablere Open Access ved høgskolen. Her har høgskolebiblioteket vore delarrangør av det vellukka nasjonale Open Access-seminaret i Bergen som gjekk under tittelen «Fremtiden er åpen» (sjå <http://openaccessbergen.b.uib.no>). Open Access-arbeidet er inngår i høgskolen sine planar for 2014, kor det også er satt av midlar til publisering gjennom slike kanalar.

Kommunikasjon

Kommunikasjonsarbeidet har vore høgt prioritert ved HiB særleg med omsyn til internkommunikasjon og med fokus på leiarskap og kommunikasjonsansvar. Vidareutvikling av kommunikasjonsstøtta internt mot fagmiljøa og administrasjonane er vektlagt. I tillegg kjem oppgradering av intranettet Allmenningen til eit meir funksjonelt verktøy. Det er innført ein fast medierapportering ved hjelp av overvåkingsverktøy og ein aktiv kontakt og kommunikasjon ut til media. Høgskolen har styrka seg i bruken av sosiale medier.

For å bidra til målet om ein robust, kommunikasjonsmedviten og open organisasjon prega av integritet og formidlingsglede, har høgskolen satt i verk fleire tiltak. Blant anna er det arrangert «Kommunikasjonskafé» rundt i fagmiljøa på dei ulike studiestadene. Målet har vore å gi hjelp og råd om korleis fagmiljøa kan utvikle sine kommunikasjonssegenskapar. Sentrale tema har vore intervjutrening, kronikkskriving, presentasjonsteknikk mm. Det har vidare vore halde møter mellom kommunikasjonsavdelinga og fleire av institutta. I tillegg kjem fleire fellesmøter for å styrke kunnskapen kring høgskolens kommunikasjonsarbeid. Målet har

vore å styrke synleggjeringa av høgskolen sin samfunnsrelevans og sikre spreing av kunnskapen som kjem ut av den faglege verksemda vår. Høgskolen har som mål å skape eit aktivt og godt forhold til media gjennom å styrke dei tilsette si deltaking gjennom medietrening, medieforståing og gjennom råd og støtte i konkrete mediasaker.

Det blei i byrjinga av året gjennomført ein omfattande brukarundersøking om dei eksterne nettsidene til høgskolen,. Desse vil danna grunnlaget for arbeidet med førebuinga for utvikling av nye nettpubliseringsløyser. Høgskolen fekk i 2013 særleg god score på DIFI sin kåring av kvalitet på nett. Kåringa omhandlar berre brukargrensensnittet og vurderer ikkje innhaldet på sidene.

Det mest sentrale arbeidet på kommunikasjonssida har vore utviklinga av ny kommunikasjonsplattform. Arbeidet blei gjort på bakgrunn av innspel frå 250 medarbeidarar og eit knippe studentar der ein fekk ei vurdering av høgskolens innhald, kvalitetar og ønska profil. Dette danna grunnlaget for utvikling av ny logo og nytt visuelt uttrykk for HiB. Styret vedtok den nye kommunikasjonsplattforma våren 2013 og arbeidet med implementeringa tok til ut over hausten.

Høgskolen starta opp i 2013 fleire prosjekt med mål om å utvikle nye e-læringsverktøy. Vidare er det tatt initiativ til tiltak for betre utnytting av den teknologien høgskolen har investert i i samband med dei nye areala. Arbeidet er godt i gang og vil bli vidareført fullt ut i 2014.

Omsorgsteknologi

Omsorgsteknologi er eit samarbeid mellom to avdelingar, hhv AHS og AI og omfatta både undervisning, forskning og innovasjon. Høgskolen vil vidareutvikle dette samarbeidet som grunnlag for å etablere eit regionalt eller nasjonalt senter i omsorgsteknologi. I den samanheng har høgskolen arrangert den andre regionale konferansen om omsorgsteknologi, med deltakarar frå heile landet. Arbeidet med å etablere eit regionalt/nasjonalt senter for omsorgsteknologi vert støtta av fleire aktørar i regionen innan helseføretak, kommunar, næringslivsaktørar og statlege etatar som Husbanken

Metningsdykkarprosjektet

Metningsdykkarprosjektet er vedteke nedlagt og det vert no arbeidd med avvikling og sikring av utstyr frå prosjektet som kan komme den ordinære dykkarutdanninga til gode.

RSA

Arbeidet i RSA blei intensivert i 2013 med gjennomføring av tre møter. Utkast til ein RSA-strateg er utforma og vil bli drøfta i første RSA-møtet våren 2014

Etter- og vidareutdanning

I 2013 har det vore stor aktivitet ved HiB på etter- og vidareutdanning. I tillegg til etter- og vidareutdanning med finansiering frå Utdannings- og Helsedirektoratet, har høgskolen vidareutdanningar på oppdrag frå store private aktørar som FLT(Addisco), Framo, BKK. Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune er framleis store offentlege oppdragsgivarar i vår region. Høgskolen i Bergen har dessutan mange etter- og vidareutdanningar innan satsinga «Kompetanse for kvalitet», varig vidareutdanning for lærarar, og har i tillegg koordinatorfunksjonen for Region Vest i denne satsinga. I tillegg har høgskolen ei stor kursverksemd som arrangerer fleksible studietilbod for mange ulike målgrupper innan våre kompetanseområder.

Nasjonalt senter for Mat, helse og fysisk aktivitet

Høgskolen i Bergen blei i 2013 tildelt vertskapsansvaret for Nasjonalt senter for mat, helse og fysisk aktivitet. Senteret skal synleggjere og formidle sammenhengen mellom helse, fysisk aktivitet, ernæring og læring, og bidra til å styrke dette arbeidet i barnehagar og skoler.

Høgskolen vant fram i konkurransen med fem andre miljø. Høgskolen har eit godt fagmiljø innanfor utdanning og forskning på feltet og har eit utstrakt samarbeid andre institusjonar.

Kvantitative styringsparameter sektormål 3

Styringsparameter	Resultat			Mål 2013
	2011	2012	2013	
Delen inntekter frå bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA) utanom EU og NFR (KD)	4,8 %	2,7 %	4,1	5%
Total registrering av publisering samt bruker- og allmennretta formidling i CRISTIN (HiB)	889	930	1134	1001
Talet på forretningsidear (HiB)	14	15	3	15

Sektormål 4 *Universitet og høgskolar skal effektiv forvaltning av verksemda, kompetansen og ressursane i samsvar med samfunnsrolla si.*

Kvalitative styringsparameter

- Langsiktig økonomisk planlegging.
- Robuste fagmiljø.

- Verksemdsmål 4.1 Høgskolen i Bergen skal ha eit arbeids- og læringsmiljø som er ope, stimulerande, trygt og utfordrande.*
- Verksemdsmål 4.2 Høgskolen i Bergen skal utvikle ein heilskapleg organisasjon på Kronstad, der samlokaliseringa skal styrkje fagleg samarbeid på tvers av utdanningane.*
- Verksemdsmål 4.3 Høgskolen i Bergen skal leggje til rette for gode kunnskapslokale med høg kvalitet. Høgskolen skal ha som mål å verte miljøfyrtårnbedrift.*
- Verksemdsmål 4.4 Høgskolen i Bergen skal ha høg kompetanse blant dei tilsette, òg med tanke på å oppnå universitetsstatus*
- Verksemdsmål 4.5 Høgskolen i Bergen skal skape eit større økonomisk handlingsrom gjennom effektiv bruk av ressursane og tydelege prioriteringar.*

Høgskolens arbeid knytt til sektormål 4 har for ein stor del vore knytt til arbeid i samband med samlokaliseringa og bygg- og flytteprosjekta. Den samla vurderinga er at ein har oppnådd verksemdsmåla slik dei er definerte i planen for 2013. Likevel er det slik at ein del av tiltaka som blei fastsette for 2013 ikkje har blitt realisert. Høgskoledirektøren fikk utarbeidd ein risikovurdering av samlokaliseringsarbeidet våren 2013. Arbeidet blei utført av eksterne konsulentar saman med leiinga og har resulterte i ein rapport som har vore verdifull for høgskolen i det avsluttande arbeidet fram mot innflyttinga i nye lokalar og dei tilgrensande omorganiseringssprosjekta.

Resultatmåla på nokre av områda, t.d. mellombelse stillingar, har ikkje vore tilfredsstillande. Dette har i stor grad samanheng med behovet for mellombelse stillingar i den prosessen høgskolen er inne som tilseier prosjektretta oppgåver av mellombels karakter. Mellom anna er faste tilsette flytta over på mellombelse oppgåver, og dei faste oppgåvene er løyst gjennom vikariat. Stort omfang av prosjektretta oppgåver innan etter- og vidareutdanning trekkjer i same retning. Likeeins vakansar som kjem av rekrutteringsproblem på nokre fagområde. Sett i høve til den spesielle situasjonen høgskolen står i no, reknar ein med at bruken av mellombels tilsette vil gå ned mot slutten av inneverande år.

Organisasjon, bygg og personell

Høgskolen har jobba intensivt med organisering av studieadministrasjonen, driftsorganisasjonen og bibliotektenesta. Dette arbeidet har kome langt, og den

organisatoriske innplasseringa er så godt som i hamn. Den fysiske innplasseringa av dei tilsette i dei nye lokala er eit arbeid som vil strekke seg inn i 2014. Omlegginga av dei ulike tenestene må sjåast i samband med høgskulens mål om å skape ein heilskapleg organisasjon i dei nye lokala høgskolen skal flytte inn i. Tilhøva for dei tilsette og studentane har vore prioritert igjennom alle fasar av samlokaliseringsprosjekta som har vore gjennomførte i 2013.

I omlegginga av driftsorganisasjonen har det vore gjort eit grundig arbeid med å få til ei best mogleg organisering av arealforvaltninga og system for bygningsdrift. Arbeidet vert vidareført inn i 2014.

Vidare er det lagt grunnlag for ein større intensitet i leiarutviklinga også dette vert vidareført i planen for 2014.

Høgskolen har arbeidd aktivt med å sikre gode og robuste fagmiljø. Særlig kjem dette til uttrykk gjennom satsinga på ph.d.-utdanningane og utviklinga av desse områda. Høgskolen har lagt til rette internasjonal rekruttering til stillingar og har allokert oppgåver for internasjonal rekruttering til ei stilling i personalseksjonen. Høgskolen held fram arbeidet med vidareutvikling av doktorgradene og komplettering av fagmiljø i tilknytning til desse. Herunder inngår også tiltak for kompetanseutvikling hos dei tilsette.

Høgskolestyret vedtok ein ny IT-strategi for høgskolen i 2013, som mellom anna omhandlar arbeidet med integrering av IKT i undervisninga og auka bruk av e-læringsverktøy. Høgskolen har kome godt i gang med dette arbeidet. Det er gjort eit grunnleggjande arbeid gjennom planlegging og pedagogisk tilrettelegging av undervisningslokala og det utstyret som her skal nyttast. Vidare er det utarbeidd opplæringssystem for nyttegjering av utstyret. Høgskolen vil intensivere arbeidet i eigen organisasjon for at dei omfattande investeringane som er gjort i nytt og tidhøveleg undervisningsutstyr skal bli best mogleg utnytta og bidra til å auke kvaliteten i undervisningstilboda

Økonomi:

Høgskolen i Bergen har hatt god økonomistyring i 2013 og har arbeidd langsiktig med økonomien for å sikre midlar til flytting, omorganisering og strategiske satsingar. Høgskolen har m.a. auka avsetningane med om lag 41 mill. kr i 2013 (eks. brukarløyvinga til nybygget). Dei samla avsetningane var på om lag 113 mill. kr, og det utgjør om lag 13 % av den samla statlege løyvinga i 2013.

Høgskolen auka dei strategiske avsetningane i 2013, frå 8 % til 9 % av det totale budsjettet. Midlane gjorde det mogleg for høgskolen å styrka det strategiske arbeidet ytterlegare, spesielt gjeld dette høgskolen si satsing med å byggje doktorgradsprogramma.

Høgskolen hadde eit høgt ambisjonsnivå knytt til økonomiområdet i 2013 og har lukkast med å styrke dei strategiske satsingane og å auke avsetningsnivået. Det har vore grunnleggjande konsensus i institusjonen om desse målsettingane, sikra bl.a. gjennom møter mellom underliggjande einingar og høgskoleleiinga, her under også dei interne styringsdialogmøta hausten 2013. Det har også vore særskilt rapportering om bruken av strategiske midlar. Desse rapportane har vore handsama av høgskolestyret.

Konsekvensanalysar av budsjett og ressursdisponeringar har blitt gjort delvis, men ikkje så omfattande ein skulle ønskje. Knappe ressursar har lagt avgrensingar på slikt arbeid. Høgskolen har ikkje kunna prioritere arbeidet med langstidsbudsjett/prognosar. Det vil vere nødvendig med sterkare innsats på verksemdstyring og økonomiske analyser etter innflyttinga i nye lokale dette er også omtala i årsplanen for 2014.

Høgskolen har prioritert innkjøpsområdet i 2013, og har som mål å tilfredsstillere alle lovbestemte krav for offentlig innkjøp. Innkjøp er blitt meir tydeleg forankra i leiinga ved høgskolen. Leiinga og styret er blitt halde fortløpande orientert om framdrifta i dette arbeidet. Mellomanna er staben utvida og dessutan ytterlegare styrka ved kjøp av nadustynte konsulenttenester. Det har også vore eit arbeid med å styrke høgskolen sin innkjøpsorganisasjon, blant anna ved å tydeleggjere kva ansvar som ligg til rollane som bestillar- og godkjenner. Arbeidet med å få på plass fleire rammeavtalar har vore prioritert og dette har vore heilt nødvendig i samband med samlinga på Kronstad og Møllendalsveien. Plan for kjøp av brukarutstyr til nybygget er omfattande, men samla sett er høgskolen relativt godt førebudd på det «innkjøpstrykket» som kjem fram til og med innflyttinga hausten 2014.

Risikoar

Risikobildet for sektormål 4 i 2013 var knytt til samlokaliseringa, nybygg og arealsituasjonen. I samband med samlokaliseringa var manglande internkommunikasjon sett som største risiko. Høgskolen har prioritert behova for informasjonsflyt i organisasjonen. I samband med bygg- og organisasjonsprosjekta har ein i tillegg til felles møtestader og felles møter, aktivt nytta dei felles interne nyheitstenestene til å spreie informasjon. Arbeidet opp mot organisasjonane har vore sterkt prioritert av leiinga. I tillegg kjem det at mykje av prosjektdrifta har vore godtforankra internt i organisasjonen og i tenestelina.

Det var vurdert som ein risiko manglande integrasjon mellom organisasjonsprosjektet og byggprosjektet. Slik integrasjon har vore prioritert igjennom heile planperioden og slik ein vurderer situasjonen i dag 3 månader før overtaking av nybygget og dei nye lokala, har høgskolen ei svært god koordinering av dei ulike delprosjekta som leiar fram mot Kronstad og Møllendalsveien. Valet ein la til grunn i oppstarten om primært å nytte seg av interne resursar har vist seg utfordrande og har ofte gjort prosessane meir tidkrevjande. Trass i frikjøp av personell og tilordning av oppgåver, må ein også ta omsyn til at interne resursar også har løpande og ordinære oppgåver som også krev sitt av tid, faste rutinar og krav til leveranse, samstundes som prosjekta må sikrast nødvendig framdrift.

Knappe areal for studentar og tilsette i dei nye lokala blei vurdert som ein risiko i 2013. Dette er fortsatt eit område som volder mykje hovudbry for organisasjonen, også fordi det har virka inn på dei pågåande organisasjonsendringane. Framleis vil dette vere eit område som høgskolen vil måtte arbeide vidare med. Høgskolen ligg på framleis på ei vekstkurve. Arbeidet med utviding av areala gjennom nybygg på Kronstad vil derfor måtte halde fram.

Risiko knytt til søkjargrunnlaget til forskings- og undervisningsstillingar vil framleis gjere seg gjeldande for høgskolen. Denne utfordringa gjelder enkelte fagområder som t.d. ingeniørfaga, men også innan helse og sosialfag. Innan profesjonane finn ein i liten grad søkjarar som tilfredstillar fullt ut profesjonskompetanse i tillegg til solid forskingskompetanse på det nivået som høgskolen krev.

Som nemnt i avsnitta over har innkjøpsområdet fått høgare prioritet i den interne arbeidet med å etablere ein robust innkjøpsorganisasjon. Dette var rekna som eit av risikoområda særleg med omsyn til dei store innkjøpa i samband med nybygg og samlokalisering. Høgskolen har langt på vei har nådd måla for 2013, og gjennomført dei tiltaka som var lagt opp til. Risikoen knytt til innkjøp til nybygg og samlokaliseringa må vurderast som betydeleg redusert, ikkje minst fordi ein har brukt av eksterne konsulentar på områder der høgskolen ikkje har kompetanse. Det vidare arbeidet med implementering av ein heilskapleg innkjøpsorganisasjon med klare roller ansvar og oppgåver held fram.

Kvantitative styringsparameter sektormål 4

	Resultat	Mål
--	----------	-----

Styringsparameter	2011	2012	2013	2013
Delen kvinner i dosent- og professorstillinger (KD)	28,6%	31%	33,3%	33%
Delen midlertidig tilsette (KD) ⁴	20,7%	21%	22,5%	20%
Delen førstestillingar av totalt tal på undervisnings-, forskar- og formidlingsstilling (HiB)	36,6%	43%	43%	40%
Avsettingsnivå i prosent av samla statleg løyving (HiB)	6,75%	8,2%	13,4%	9,5%
Resultatmargin frå oppdragsverksemda (HiB)	22 %	13,3%	31,3%	15%
Delen samla lønskostnadar i høve til samla driftskostnadar (HiB)	63 %	63,4%	64%	64,5%

⁴ Her inngår mellom anna stipendiatar og åremålstilsette.

Anna rapportering

2.3.1 Oppfølging etter etatsstyringsmøtet i 2013

Tilbakemelding på profil, prioriteringer, ambisjoner og utfordringer

Høgskolen har i årets rapport og planer under planar for 2014 lagt om risikostyringa slik at den blir ein meir integrert del av årsplanen. Risikovurderingane tar utgangspunkt i dei overordna strategiske måla og må følgjast opp av strategiske vedtak. Desse er reflektert i dokumentets første del. Gjennom denne omlegginga har høgskolen spissa planen for å få fram eigenarten til høgskolen – ein profesjonshøgskole med regionalt ansvar, og nasjonalt ansvar på utvalde områder. Ut over dette er det for 2014 særleg dei omfattande prosessane knytt til samlokaliseringa som vil setje sitt preg på høgskolen sin profil, prioritering, ambisjonar og utfordringar.

Utdanning

Høgskolen har etter tilbakemelding frå KD, utarbeidd enkelte nye verksemdsmål for 2014. Måla er utforma med bakgrunn i dei strategiske måla i høgskolens strategiske plan. Måla er ei tydeleggjering av høgskolens vegval i samband med samlokaliseringa.

Departementet understreker forventningane om auka kvalitet i grunnskulelærarutdanningane som følgje av auka løyvingar. Høgskolen arbeider ut frå same målsetting om ei slik forbetring, og arbeider målretta og langsiktig med å betre kvaliteten.

Forskning

Departementet stiller spørsmål ved gjennomføringstida for stipendiatane. Ei av utfordringane er at høgskolen sjølv ikkje er gradsgivande institusjon og derfor er avhengige av forhold ved andre institusjonar som høgskolen har liten innflytelse på. Høgskolen har gjort fleire grep for å sikre gjennomføringa for studentane på dette nivået,. Dette vil bli ytterlegare fokusert når dei nye doktorgradene kjem i full drift og når arbeidet med å sikre kvaliteten i dei interne ph.d.-programma vil vere eit internt ansvar for høgskolen aleine.

Departementet gir god tilbakemelding på publikasjonsraten ved høgskolen. Av erfaring veit ein at desse tala vil variere frå år til år. Høgskolen har ein ambisjon om vekst i publikasjonane, men ser at det for 2013 ikkje svarar heilt til forventningane. Dette er sett på dagsorden i målsettingane for 2014. Trass i den venta tilbakegangen i 2013, vil likevel måla i Strategi for FoU/N vere innan rekkevidde – ei dobling i talet på publikasjonar frå 2010 til 2015.

Det har vore uttrykt ei otte for at aktiviteten i sentra ikkje får nok innverknad på utdanningsprogramma. Etter vårt syn er denne risikoen etter måten liten. Mellom anna er sentra strategisk forankra i avdelingane og er sentrale drivkrefter i høve til utvikling av høgskolens forskingsverksemd direkte knytt til verksemda ved avdelingane, og vidare som sentrale aktørar i høve til arbeidet med utvikling av ph.d.-gradane. Forskingssentra vil med eitt unntak vere lokaliserte til Kronstad og vere godt integrerte med grunnmiljøa slik at sentra sine miljø vil ta del i kvalitetsutviklinga i utdanningane på alle nivå. Det senteret som er lokalisert til Møllendalsveien vil vere tett integrert med aktuelle fagmiljø der.

Institusjonen og omverda

Høgskolen har eit tett samarbeid med omverda på ein rekke områder knytt til utdanningane. Arbeidet med RSA har vore følgt opp i 2013, men høgskolen noterer seg at dei måla ein hadde ikkje har vore innfridd i sterk nok grad. I 2014 vil høgskolen vidareføre arbeidet med det mål å få på plass ein samla strategi. Erfaringane viser at RSA vil bli eit nyttig forum for HiB. Arbeidet i RSA vil derfor ha ein naturleg plass i det vidare arbeidet med å utvikle høgskolen.

Styring, leiing og administrasjon

Høgskolen har hatt eit gjennomgåande fokus på god økonomiforvaltning særlig med omsyn til den føreståande auken i husleige, men også med tanke på å kunne utvikle høgskolen vidare.

Høgskolen tar over nybygget i 2014, og departementet føreset at ein utnytter dette fullt ut. På bakgrunn av dei planane høgskolen har, og dei analysane som er utarbeidd, har høgskolen måtta prioritere å vidareføre leige av lokale i Møllendalsveien. Dette er på sikt ei uhensiktsmessig løysing, særlig fordi det både splittar fagmiljø og administrasjonen i to. Arbeidet med å få regulert tilgrensande areal til ei utviding av campus på Kronstad er starta. Det er i dag ikkje kapasitet til å samle verken administrasjon eller fleire fag på ein stad, gitt at bygget på Kronstad rommar spesialrom for alle utdanningane.

Høgskolen har følgt opp riksrevisjonens merknader og har prioritert arbeidet med å etablere ein innkjøpsorganisasjonen som tilfredstillar gjeldande regelverk og kvalitetskrav på innkjøpsområdet.

Arbeidet med ROS-analyser har blitt oppgradert, men er framleis ikkje på det nivået høgskolen må ha. I 2013 har høgskolen gjennomført ei table-top-øving med innleigde kurshaldarar og markørar. Målet med øvinga var å teste beredskapen og beredskapsleiinga si handtering av alvorlege kriser. Både sikkerheit og beredskap, risiko og sårbarheit har blitt drøfta i leiarmøter og internt i toppleiinga. Høgskolen har etablert eit permanent samarbeid med politiets beredskapsgruppe i samarbeid med andre institusjonar i Bergen. I tillegg kjem at høgskoledirektøren i 2013 etablerte i arbeidsgruppe med ansvar for å gå gjennom risiko og sårbarheit for studentar og tilsette i høve dei kollektive trafikk-løysingane i Kronstad og Møllendalsveiområdet. Høgskolen har her arbeidd saman med fleire ulike offentlege aktørar i Bergen/Hordaland for å få til gode persontrafikk-løysingar inn og ut av desse områda. Innstilling vert levert i 2014.

Høgskolen skal i 2014 arbeide vidare med risiko og sårbarheit og då ut frå føresetningane om ny campus-struktur, arealfortetting i campusutvikling og infrastruktur elles i høgskolen.

2.3.2 Aktivitetskrav

Rapportering på aktivitetskrav

Studium	60 studiepoengseiningar	aktivitetskrav	Vurdering
Sjukepleie heiltid	157	194	Ikkje opptak til sjukepleie deltid (GRSD) hausten 2012. Hvis ein legger til studiepoengproduksjonen til kullet 2011h GRSD første år får vi totalt 211 studiepoengseiningar
Sjukepleie deltid	54 (Kull 2011H)		
Fysioterapi	68	51	Hadde opptak godt over måtalet
Ergoterapi	45	22	Stor auking i studentmassa
Radiografi	25	31	Høg strykprosent og fråfall 44 studenter fekk stått på eksamen haust 2012 (45 eksamenskandidater), 28 studenter fekk stått på eksamen vår 2013 (35 kandidater)
Bioingeniør	32	22	God måloppnåing
Vernepleie	71	58	Stor auking i studentmassa
Døvetolk	22	20	God måloppnåing
Jordmor	28	40	Lågt oppmøte ved studiestart i forhold til måtalet
ABIO	55	47	God måloppnåing. Opptak kvart 3. semester. Starta vår 2013 – studiepoengproduksjonen er 2013 vår og 2013 høst.

2.3.3. Rapportering om SAK-prosesser

UH-nett Vest (Universitets- og høgskolenettet på Vestlandet) blei oppretta 01.01.08 som eit 5-årig samarbeidsprosjekt mellom Høgskolen i Bergen, Høgskulen i Sogn og Fjordane, Høgskolen Stord/Haugesund, og Universitetet i Bergen. Frå april 2009 ble også Høgskulen i Volda medlem av nettverket. Avtaleperioden er prolongert til 31.07.18.

Samarbeidsavtalen for 2013-2018 har vedtatt 6 samarbeidsområder; forskningssamarbeid, utdanningssamarbeid, biblioteksamarbeid, administrativt samarbeid, utvikling av digital kompetanse og samarbeid med studentane. For komande avtaleperiode skal det leggst vekt på å utvikle gode samarbeidsmodellar, tydelig arbeidsdeling mellom institusjonane og konsentrasjon av arbeidsinnsats. Samarbeidet er forankra i fagmiljøa ved dei ulike institusjonane.

Lærarutdanninga saman med utviklinga av forskingsnettverka og biblioteksamarbeidet har hatt høg prioritet i 2013.

UH-nett Vest fekk tildelt 980 000 i SAK-midlar for 2013 til fortsatt utvikling av den nye barnehagelærarutdanninga (BLU). Midlane skal brukast til tiltak som bidrar til auka grad av samarbeid, arbeidsdeling og konsentrasjon i BLU. Prosjektplanen blei gjennomført i 2013, bokprosjektet er realisert og samarbeidet med GLU om satsing på samisk kultur er starta. E-læring er under utvikling.

UH-nett Vest blei tildelt 2 mill. i SAK-midlar til vidare utvikling av lærarutdanninga, TeknoVest, biblioteksamarbeidet, forskningssamarbeidet med spesiell vekt på helse- og sosialfag i knytt til samhandlingsreforma og opprettinga av et forskarnettverk for nynorskforskning. Midlane er fordelt i tråd med tildelinga.

2.3.4. Kvalitet i førskulelærerutdanninga

Høgskolen viser til evalueringsrapport fra NOKUT om førskulelærerutdanninga, tiltaksplan vedtatt av styret for HiB i sak 96/2010 og seinare rapporter om oppfølginga frå Avdeling for lærerutdanning ved HiB.

Etter at det blei varsla ny rammeplan for barnehagelærerutdanning fra 2012, sidan utsatt til 2013, har det vore naturleg primært å knytte oppfølginga til struktur og innhald i ny barnehagelærerutdanning.

I utforminga av BLU har det også vore lagt vekt på Høgskolens universitetsambisjonar, og vi har trekt vekslar på vårt ganske store studenttal. Ut over å ha sideblikk på punkta i tiltakslista ved utforminga av den nye utdanninga, har avdelinga lagt særlig vekt på det følgande i oppfølgingsarbeidet:

- Barnehagelærerutdanninga kan tendere til å bli nedprioritert i det samla bildet, og vi er svært oppmerksame på å rekruttere tilsette som er dedikert for å arbeide i BLU. Dette speglar seg i utlysningstekster, der spesifikk kompetanse mot barnehagesektoren blir vektlagt i større grad enn før.
- Behalde mannlige studentar gjennom utdanningsløpet. De mannlige studentane blir frå 2012-13 konsentrert i bestemte grupper/ klasser og det blir halde egne seminar for dei. Foreløpig er resultatet gledelig og fråfallet redusert i denne studentgruppa.
- Deltidsutdanning: Etter et års pause i forbindelse med innføringa av ny utdanning, er denne lyst ut igjen frå 2014-15
- Vi tilbyr hospitering i barnehage for et bestemt tal faglærarar kvart år. Inneverande år er det fire slike hospiteringsstipend.
- Arbeid for etablering av mastergrad, også med faglig profilering, som bygger saumlaust på barnehagelærerutdanninga. Denne skal etter planen vere på plass frå 2016-17 da første kull i barnehagelærerutdanning er uteksaminert.

2.3.5 Universell tilrettelegging

Høgskolen skal vere tilgjengeleg for alle og det blir lagt ned mykje arbeid i å sikre universell utforming i det nye bygget på Kronstad og lokala i Møllendalsveien jf. byggeteknisk forskrift Tek 10 for universell utforming. Høgskolen er i dag i gang med endringar på lokala i Møllendalsveien, og universell utforming med tanke på tilgjengelegheit for studentar med funksjonshemming er tatt med i vurderingane som gjerer ved all bygging.

2.3.6 Studentkapasitet

1. Hvor mange studieplasser kan institusjonen øke med høsten 2014, gitt 60/40 finansiering fra departementet, men innenfor dagens øvrige rammebetingelser og infrastruktur?

En videreføring av tildelte studieplasser til HiB i 2011 og 2012 gir en økning på mer enn 100 nye studenter høsten 2014. HiB har over tid hatt svært gode søker- og opptakstall de aller fleste studieprogrammene ved institusjonen, og har også for framtiden ambisjoner om videre utvikling av utdanningstilbudet, særlig på mastergradsnivå. Høgskolen flytter inn i nye campuser høsten 2014, og ønsker å vinne erfaringer med arealdisponeringer og andre praktiske anordninger for eksisterende studentmasse før studenttallet økes ytterligere.

2. Hvilke begrensende faktorer står institusjonen særlig overfor som hindrer vekst (kan spesifiseres på utdanningsprogram ved behov)?

Høgskolen vil få ein forsvarlig arealløysning for oppstarten hausten 2014. For å kunne handtere en ytterlegare vekst av studentmassen, må det arbeidast vidare med å utnytte campusane så effektivt som mogleg, blant anna ved å bygge god kompetanse på digitale ferdigheter samt utvikle pedagogiske modeller for konstruktiv/innovativ bruk av moderne digitalt undervisningsutstyr i utdanningane.

3. Er det særskilte studieprogram som institusjonen ønsker å prioritere spesielt av strategiske årsaker eller for å rendyrke en faglig profil?

I lys av høgskolens strategiske satsingar og faglige profil ønskjer institusjonen i det vidare å særleg satse på følgande studieprogram:

- Mastergrader innan
 - o Teknologi (sivilingeniørutdanning) inkludert energi
 - o Omsorgsteknologi
 - o Innovasjon
 - o Eigedomsfag/jordskiftedommar og arealplanlegging
 - o Folkehelse
- Oppstart av prøveprosjekt med femårig lærarutdanning
 - Desentraliserte tilbod – bachelor i ingeniørfag for å dekke næringslivets behov for ingeniørkompetanse særlig innanfor subsea
 - Sterkare oppbygging av fagmiljø knytt til det nyetablerte senteret innan mat, helse og fysisk aktivitet

4. Er det særskilte studieprogrammer som institusjonen ønsker å bygge ned eller avvikle av samme årsaker?

Høgskolen hadde et svært jamt og godt opptak i 2013 og vi kan derfor ikkje sjå at vi har noen aktuelle studieprogram som bør avviklast.

Utdanningsområder	Utdanninger	Opptak høst 2013 (antall studieplasser)	Planlagt opptak høst 2014 (antall studieplasser)	Muligheter for økning i opptakskapasitet høst 2014?
		Antall	Antall	Ca. antall
Helse- og sosialfag	Samlet	917	747	10
<i>hvorav:</i>	Medisin	0	0	
	Odontologi	0	0	
	Psykologi	0	0	
	Farmasi	0	0	
	Barnevernpedagog	0	0	
	Bioingeniør	32	32	
	Ergoterapeut	40	40	
	Ernæring	0	0	
	Audiograf	0	0	
	Fysioterapi	75	75	
	Radiograf	40	40	
	Reseptar	0	0	
	Sosionom	50	50	
	Sykepleier - heltid	170	170	
	Sykepleier - deltid, opptak vår 2013, nytt opptak høst 2014	70	0	
	Vernepleier	65	65	
	Døvetolk(se tegnspråk og tolking)		0	
	Tannpleier	0	0	
	Tanntekniker	0	0	
	ABIOK (opptak januar 2013, nytt opptak høst 2014)	60	0	
	Helsesøster	30	30	
	Jordmor	40	40	
	Psykisk helsearbeid heltid	40	40	
	Rusproblematikk og psykisk helse (60 stp)	20	20	
	Omsorgsteknologi (15 stp)	20	20	
	Medisinsk digital bildebehandling (30 stp)	20	0	
	Basic Body Awareness (60 stp)	20	0	
	Veiledningspedagogikk (30 stp)	30	30	
	Pediatrisk radiografi (15 stp)	0	20	
	Mammografi (15 stp)	0	20	
	Eldreomsorg	40	0	
	Master (heltidsekvivalenter)	55	55	10
	(spesifiser studietilbud ved behov)			
Lærerutdanning	Samlet	1011	956	
<i>hvorav:</i>	Integrert femårig lærerutdanning	0	0	
	Grunnskolelærer - steg 1-7	219	215	
	Grunnskolelærer - steg 5-10	152	150	
	Praktisk-pedagogisk utdanning, 60 stp deltid	90	0	
	Treårig faglærerutdanning (se bachelor i id)	0	0	
	Bachelor i Tegnspråk og tolking	24	24	
	Bachelor i tegnspråk og tolking, suppl. 2 år	5	5	
	Bachelor, Barnehagelærer	280	260	
	Bachelor Barnehagelærer, deltid	0	35	
	Yrkesfaglærerutdanning	0	0	
	Toårig masterutdanning (15 deltidsekvivalenter)	96	92	
	Ettårig barnehagepedagogikk (se barnehage)	0	0	
	Bachelor i Folkehelsearbeid	24	24	
	Bachelor i kroppsøving og helsefag, faglærer	32	32	
	Bachelor for tospråklige	32	32	
	Bachelor i kroppsøving og helsefag, supplerende	8	8	
	Drama, 60 stp	19	19	
	Barnehagepedagogikk, 30 stp, videreutdanning	0	30	
	Pedagogisk utvikling i barnehagen, 30 stp.	30	30	
Realfag og teknologiske fag	Samlet	733	743	
<i>hvorav:</i>	Bachelor i ingeniørfag	507	517 (10 nye tildelt)	
	Bachelor i ingeniørfag, desentralisert	20	20	
	Master	46	46	
	Bachelor i informasjonsteknologi	35	35	
	Bachelor i landmåling og eiendomsdesign	30	30	
<i>Økonomi</i>	Bachelor i øk.adm.	90	90	
<i>Økonomi</i>	Videreutdanning logistikk, 60 stp	5	5	
Andre fag	Samlet	207	207	
Ved Avdeling for ing.fag:	Forkurs for ingeniører	75	75	
	Realfagkurs, heltid vår	110	110	
	Yrkesdykkerutdanning, heltid 1-år	22	22	

2.3.7 Midlar tildelt over budsjettkapittel 281

Utdanning av veiledere for nyutdannede, nytilsatte lærere og førskolelærere.

I studieåret 2013/14 har Høgskolen i Bergen hatt stor søknad til studiet og starta opp hausten 2013 med 19 deltakarar. Vi fikk tilskott på kr 175 000 til gjennomføring av studiet – ein halvering ift. tildelinga i 2012. Til tross for stor etterspørsel etter tilbodet har vi måtte redusere talet på studieplasser pga. redusert tildeling til studiet. I supplerande tildelingsbrev blei det vektlagt at tildelinga er fastsett etter fjorårets tildeling og at det er gjort ei vurdering basert på rapportane frå dei enkelte institusjonane. Høgskolen i Bergen har hatt ein auke i tal på deltakara dei tre siste studieårene:

2010: 16 deltakarar (15 sp.) og 6 deltakarar (5sp.), 2011: 37 deltakarar (15sp.)
2012: 40 deltakarar(15sp.)

Likevel har vi fått redusert tildelinga til det halve, og vi har som ein konsekvens av dette halvert talet på deltakarar til studietilbodet.

Høgskolen i Bergen har til nå valt å tilby ein «rein» "Veilederutdanning for nyutdannede lærere i barnehage og skole" med eit omfang på 15 sp. Det inneberer at studiet berre fokuserer (er ei spesialisering) på å bli rettleiar for nyutdanna lærarar og førskulelærarar. Deltakarane har vore svært positiv til vårt konsentrerte tilbod. Vi har føresett at deltakarane har gjennomført innføring i rettleiing tilsvarande 15 sp. tidligare slik at dei samla oppnår 30 sp. i rettleiing etter avslutta studie. Erfaringane våre frå dei to siste kulla med 37 og 40 deltakarar viser at det er fleire som enten ikkje har tilstrekkelig kunnskap om rettleiing og / eller manglar studiet «Innføring i veiledning 15 sp.»

På denne bakgrunnen ønskjer vi derfor å kunne tilby 30 sp. for målgruppa «Innføring i veiledning 15 sp.» og «Utdanning av veiledere for nyutdannede, nytilsatte lærere og førskolelærere 15sp».

Følgjegruppe for barnehagelærerutdanning

Etablering av følgjegruppe og fagleg sekretariat

Følgjegruppa (heretter ; FG) blei offisielt oppnemnd like før sommarferie 2013. Leiar av FG er Mimi Bjerkestrand og leiar av det faglege sekretariatet er Svein Ole Sataøen. Det faglege sekretariatet for arbeidet med ny BLU er lagt til Senter for utdanningsforskning ved Høgskolen i Bergen. Senterleiar Tom Are Trippestad er prosjektleiar for arbeidet. Sekretariatet si samansetning vil variere gjennom prosjektperioden, avhengig av kva område FG vel å ha fokus på frå år til år.

Innhald i følgjegruppearbeidet august 2013-mars 2014

Til no har FG hatt tre møte i tillegg til oppstartsmøte i august. Dagsmøte i Bergen 2. oktober, to-dagars møte i Oslo 6. og 7. november: Oslo (delar av møte i lag med følgjegruppa for GLU) og dagsmøte i Oslo 23. januar i år. Det har vore lagt vekt på å avklare mandatet for arbeidet og FG si forståing av følgjeforskinga som skal utførast omkring reforma.

Sekretariatet har utarbeidd to notat *Oppdraget vårt som følgjegruppe og som følgjeforskarar til den nye barnehagelærerutdanninga og Om arbeidet i følgjegruppa og i følgjeforskinga i tidsrommet 2013-2017*. Det blei semje i gruppa om den grunnleggjande forståinga vår om kva følgjeforsking kan vere og kva prinsipp følgjearbeidet vårt skal byggje på.

I tillegg har gruppa på grunnlag av innsamla programplanar frå dei nitten utdanningsinstitusjonane, skaffa seg ei felles oversikt over studiemodellane som finst i ny BLU. På det andre møtet i gruppa blei temaene FG skal ha fokus på dette året bestemt.

Områda var desse:

- Implementeringsprosessen i samband med ny utdanning
- Praksis som integrert del av kunnskapsområda
- Kunnskapsområda med vurderingsordningar
- Pedagogikkfaget i den nye utdanninga

Ulik type kvantitative data som støtte i følgjearbeidet – søkjartal, opptakstal, fråfall, fagval, utdanningskapasitet kopla til nasjonale og regionale behov for barnehagelærarar
Som ledd i arbeidet med desse områda har nokre utvalde fagmiljø fått oppdrag med å belyse sider ved nokre av desse områda.

Høgskulen i Sogn og Fjordane: Pilot for ny BLU; har fått eit fagleg delansvar for praksis området. Oppdraget er formulert slik: *Beskrive, diskutere og vurdere det praksisopplegget de har utvikla i den nye BLU utdanninga, på grunnlag av erfaringane de har gjort i PIL prosjektet. Vurderingane må gjerast med utgangspunkt i dei krava den nye forskrifta for utdanninga stiller opp for praksisstudiet og dei erfaringane de har gjort med praksisopplæringa så langt.*

To tilsette ved Høgskolen i Bergen skal sjå på dei faglege grunngevingane for bruken av kunnskapsområde som måte å organisere den nye BLU på. Vidare skal arbeidet utfordre omgrepet kunnskapsområde og sjå kva mulegheiter som ligg i ein slik måte å organisere kunnskap på. Utgangspunktet for arbeidet er rapporten *Muligheter og utfordringer ved tverrfaglig undervisning – utvikling av BLU kurs som case. Skriven av Kjellrun Hiis Hauge og Marianne Presthus Heggen.*

Tom Skauge og Olav Kvitastein (HiB: institutt for økonomiske fag) har, i lag med fagleg sekretariat, fått eit særleg ansvar for å arbeide med det kvantitative datagrunnlaget omkring ny BLU.

Temaene FG har valt, utgjør også det naturlege arbeidsgrunnlaget for studiebesøka som FG gjennomfører i perioden veke 9-15 i 2014.

Ambisjonen med besøket frå FG har vore å skape vilkår for *ein møteplass for meiningar*. Alle partar i institusjonane har på ulike måtar bidrege inn mot implementeringa av den nye barnehagelærerutdanninga, og FG skal i eit ope møteforum gjere seg kjend med ulike grupper oppfatningar av reforma og arbeidet med denne. Som ledd i informasjonsarbeidet til FG er det oppretta ei eiga nettside som har som ambisjon å halde sektoren oppdatert på arbeidet til FG <http://blu.hib.no/> Debattforumet knytt til nettsida er tenkt som vidareføring av ambisjonen om meningsutveksling blant alle som arbeider i og med ny BLU. Ei eiga Facebook-side er også knytt til arbeidet.

Det er ei prioritert oppgåve for FG å halde open dialog med alle sider ved sektoren. Gruppa og sekretariatet har soleis dette året delteke på møte i NRLU, seminar om profesjonsfaglig digital kompetanse i ny barnehagelærerutdanning. Senter for IKT i utdanningen, konferanse arrangert av Utdanningsforbundet. Oslo, Forskingsrådskonferanse - Forskning om lærerutdanning – kva vet vi? PRAKUT prosjekt-presentasjon. Oslo, UHR-seminar for barnehagelærerutdanningen. Oslo.

Planar vidare

Planane for våren 2014 er detaljert av FG. Institusjonsbesøka vert avslutta til påske. Etter det skal det faglege sekretariatet samle trådar og arbeide fram rapportutkast til FG samlast på Schæffergaarden i København 25 – 27. mai for å arbeide vidare med rapporten. På seminaret vert det også faglege danske innslag; eit om følgjeforskning og eit om dansk pædagogutdanning.

Vidare møteplan for hausten er sett opp slik:

- 26 august. Møte i følgjegruppa.
- 17. september/ 18. september. Møte i følgjegruppa
- 18. og 19. september. Nasjonal konferanse om følgje-BLU. Overlevering av rapport frå FG etter det første prosjektåret.
- 5. og 6. november. Møte i følgjegruppa.

Når det gjeld problemstillingar for det andre året av FG sitt arbeid, er nokre område prioritert: Institusjonane sitt arbeid med praksisopplæringa skal følgjast vidare

Nokre av dei gjennomgåande tema som forskrifta beskriv skal følgjast:

- Pedagogisk leiing, det samiske perspektivet
- Fagleg djupdykk i eitt av kunnskapsområda
- Institusjonane sitt arbeid med digitale verktøy

FG legg også opp til studietur til utlandet våren 2015. I tillegg tek vi sikte på å arrangere regionale konferansar med tema frå dei områda vi har valt å ha fokus på i det andre prosjektåret.

2.3.8 Rapportering på likestilling

Sjå eige vedlegg

2.3.9 Større investeringsprosjekter

Høgskolen sitt nybygg på Kronstad er i forprosjektet planlagt for 4400 samtidige studentar og 500 tilsette. Etter at bygget blei ferdig planlagt har høgskolen opplevd en stor vekst, og reknar med å fortsetje denne veksten til om lag 8000 studentar og 800 tilsette i 2015-16. Ein kan også rekne med ytterlegare vekst etter dette. Høgskolen arbeider derfor for å oppnå løyving for ei vidareutvikling av Campus Kronstad for å sikre høgskolen sine noverande og framtidige behov for ekspansjon i området. I høve til styresak 76/2011 ser høgskolen eit behov for eit supplerande bygg på Kronstad innanfor ei ramme på brutto 11.444 m². Det er eit mål å få dekkja dette behovet gjennom kurantbyggordninga.

Det er ikkje klart med finansiering av eit slikt bygg. Høgskolestyret gjorde derfor i desember 2011 vedtak om at høgskolen skal forhandle om leige av mellombels avlastingsbygg i lokala høgskolen disponerer per i dag. Det er satt midlar til ombygging og tilrettelegging av desse lokala for å møte dei behova som kjem i samband med flyttinga til dei nye lokala på Kronstad.

2.3.10 Forvaltning av aksjefullmakt

Høgskolen i Bergen har eigarskap i to selskap. Ingen av desse har lagt opp til forretningsmessig vinst. Det vert elles vist til delmål 3.2.2.

2.3.11 Sikkerhet og beredskap

Høgskolen i Bergen har i dag beredskapsplaner som gjelder dagens campus-struktur. Det er begynt på eit arbeid i forhold til sikkerhet knytt til dei nye lokala. Særleg med omsyn til adgangskontroll. Høgskolen vil i 2014 foreta eit nærare arbeid med å kartlegge risiko og sårbarheit for å styrke dette arbeidet i samband med at vi tar over dei nye lokala. Eit slikt arbeid må ta utgangspunkt i den fortettinga som no skjer av både tilsette og studentar.

Mykje av dette arbeidet er no forankra i den nye driftsorganisasjonen som er etablert i samband med samlokaliseringa. Høgskolen held eit viktig fokus på risiko og sårbarheit og har dette oppe som tema med jamne mellomrom i leiarmøta.

I 2013 blei det holdt ein beredskapsøving med fokus på krisehandteringsevna til leiinga.

ÅRSPLAN 2014

3. Planar for Høgskolen i Bergen i 2014

3.1 Innleiing om suksessfaktorar og risikoar

Arbeidet med gjennomføring av høgskulen sin strategiske plan for 2011-2015 vil bli vidareført i 2014. 2014 vil i stor grad bere preg av omstilling og tilpassing til den nye kvardagen på Kronstad og i Møllendalsveien. Nybygget på Kronstad er så godt som ferdig, og arbeidet med å sette høgskulen sitt preg på det tar til ut over året. I mai startar arbeidet med å flytte verksemda inn i dei nye lokala, eit arbeid som vil gå føre seg fram mot september. 2014 blir derfor eit år der mykje merksemd blir retta mot dette skiftet, og der ein må halde oppe tilnærma normalt drift. Sentralt i dette er arbeidet med omorganisering av dei administrative tenestene som vil ha verknad frå hausten 2014. Store delar av 2. tertial vil gå med til den fysiske flyttinga og etableringa på Kronstad og i Møllendalsveien.

Av nemnde årsaker har vurdering av risikoar, meir enn tidlegare år, prega høgskulen sitt planarbeidet for 2014. Høgskolen fekk i samband med samlokaliseringa utarbeidd ei eigen risikoanalyse av prosessane. Denne gjennomgangen blei utført av eksterne. Årsplanen blei drøfta av styret i desember 2013, før den blei endeleg vedteken i mars 2014.

Kritiske suksessfaktorar

Høgskolen i Bergen (HiB) sin strategiske plan blei utvikla i tråd med målstrukturen for sektoren slik denne er utforma av Kunnskapsdepartementet. Denne ligg som utgangspunkt for risikovurderingane vi gjer. HiB forstår risiko som forhold som kan vere til hinder for å realisere måla våre. HiB sin strategiske plan tar utgangspunkt i vår visjon som er *Profesjonskompetanse for framtida gjennom kunnskap, kultur og nyskaping*.

For å kunne vurdere overordna risiko har HiB definert 7 kritiske suksessfaktorar for verksemda:

- A. Økonomisk handlingsrom
- B. Kvalitet og relevans i utdanning
- C. Kvalitet og relevans i forskings- og utviklingsarbeid
- D. Rekruttering og utvikling av personale
- E. Effektiv organisasjon og godt leiarskap på alle nivå i organisasjonen
- F. Tydeleg rolle som regional profesjonshøgskule og premissleverandør med gode samarbeidsrelasjonar lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt
- G. Kvalitet i organisering og realisering av samlokaliseringsprosjektet

Etter gjennomgang av sektormåla finn ein aktuelle risikoar for den enkelte suksessfaktor også som grafisk framstilling.

Dei kritiske suksessfaktorane er tversgåande og har innverknad på dei fleste sektormåla. Høgskulen har med utgangspunkt i dei kritiske suksessfaktorane utleda nokre sentrale risikoar knytt til verksemda.

Mange av dei risikoane som er påpeikte finn ein også som utfordringar NOKUT har påpeika i si sakkyndige vurdering i samband med evalueringa av ph.d.-programma. Dette gjeld t.d. graden av internasjonalisering og publiseringssrate.

Vesentlege risikoar i 2014

Parentesane viser til risikoar definerte under den enkelte suksessfaktor.

- (A1) At auka husleigekostnader, og knappheit på lokale, reduserer kvaliteten i den faglege og pedagogiske verksemda (SM 4) og dermed resultatbasert inntekt
- (B2) At fråfall i utdanningane aukar og gjennomstrøyminga går ned. (SM1)

- (C1) At talet publikasjonspoeng per vitenskapelig årsverk og den totale vitenskapelige produksjonen stagnerer/går attende. (SM2)
- (C2) At HiB ikkje aukar volum av, og suksessrate på søknader om, bidrags- og oppdragsfinansiert verksemd. (SM2 og 3)
- (D1) At det ikkje er tilgang på godt kvalifiserte *relevante* søkjarar til faglege stillingar. (SM4)
- (E2) At HiB ikkje klarer å rekruttere tilstrekkeleg gode og relevante leiarar på alle nivåa. (SM4)
- (E3) At HiB ikkje i tilstrekkeleg grad klarar å prioritere langsiktig planlegging. (SM4)
- (F3) At HiB ikkje når måla som Handlingsplan for internasjonalisering legg opp til (har stor betydning for både forskning og utdanning) (SM 1, 2 og 3).

Risikoar knytt til omorganisering og flytting i 2014

- (G2) At det er ein manglande motivasjon blant dei tilsette før, under og etter flyttefasen og «energilekkasje» i gjennomføringa. (SM 4).
- (G3) At det er for svak gjennomføringsevne og integrasjon mellom dei ulike prosjekta og delprosjekta knytt til samlokaliseringa. (SM 4).

Vesentlige risikoar finn ein på raude felt enten som følge av høg sannsynlegheit eller som følge av høg konsekvens. Tiltak for å redusere risiko på dei kritiske suksessfaktorane oververt omtalte under gjennomgangen av sektormåla nedanfor.

Politiske føringar for 2014 gitt i tildelingsbrevet frå Kunnskapsdepartementet

Auka kapasitet og kvalitet i høgare utdanning særleg i MNT-utdanning og profesjonsutdanning

- Høgskulen vil måtte vurdere kapasiteten ut frå den spesielle situasjonen høgskulen står overfor med tanke på flytting som også omfattar fysisk infrastruktur. Høgskulen har gjennom desentraliserte opplegg klart å auke talet på ingeniørstudentar i 2014. Høgskulen vil i 2014 prioritere mastersamarbeid med UiB innan energi. Vidare vil høgskulen i 2014 vidareutvikle ingeniørlaboratoria ved hjelp av midlar får KD og Framostiftelsen.

Auka forskingsinnsats i MNT-fag og profesjonsfag

- Høgskolen i Bergen arbeider aktivt med å realisere *Strategisk plan 2011-2015* som er retta inn mot Teknologi; Økonomi og innovasjon; Energiteknologi, Informasjons- og kommunikasjonsteknologi; Kunstfag; Utdanningsvitenskap; Kunnskapsbasert praksis; Omsorgsforskning og Samfunnsarbeid. Desse satsingsområda går igjen i senterstrukturen ved HiB, og sentera utgjør eit viktig grunnlag for satsinga på ph.d.-utdanning. Høgskulen har teke ei leiande rolle i regionen innan innovasjonsforskning (innovasjon og entreprenørskap, inkubasjon, VRI-programmet, Regionalt forskingsfond m.m).

Auka samarbeid, arbeidsdeling og konsentrasjon

Høgskulen skal vidareføre arbeidet med UH-Nett Vest herunder Teknovest. Høgskulen har eit viktig samarbeid på strategisk nivå med storbyhøgskulane, og bilateralt samarbeid med andre institusjonar. HiB har akkrediterte fellesgrader med både UiO og UiB. For å kunne realisere desentralisert ingeniørutdanning i Florø samarbeider HiB med HiSF.

3.2 Planer for verksemda 2014

Størstedelen av midlane høgskulen rår over (91,5%) vert nytta til normal drift av høgskulen, drift av utdanningane, til forskning og til formidling. Denne delen av midlane vert fordelte etter eigen budsjettmodell. 8,5% av midlane er strategiske midlar som vert fordelte etter søknad frå avdelingar og stabseiningar.

Høgskulen viser til følgjande strategiske satsingar for 2014 (korrespondanse til risiko i parantes, sjå tabell bakerst :

Utdanning

- Utvikling og omlegging av studietilbod, alle. (B1, B2, B3)
- Rekrutterings- og gjennomstrømmingstiltak, AI og AL. (B2)
- Kvalitetsutvikling og e-læringsprosjekt, døme prosjekt digital eksamen, alle.(B1, B2)
- Videreutvikling av internasjonalt samarbeid, døme Sudan, alle. (F3)
- Satsing på omsorgsteknologi
- Kvalitetsheving i praksisfeltet, AL. (B2, F2)
- Videreutvikle kurs i høgskolepedagogikk. (B1, B2)

Forskning og formidling

- Drift og utvikling av doktorgradsprogram, felles. (C5, C1, C2)
- Strategiske forskingsmidlar og eigenandelar, felles. (A2,C2, C5)
- Særskild styrking av FoU/N ved Avdeling for ingeniørutdanning. (C1, C2, C3, C5, F1 og F2)
- Etablering av ordning med forskningstermin. (C1)
- Utvikle open-access policy og etablering av publiseringsfond. (A1, C1, F1)
- Utvikling av forskings-web, felles (E1)
- Styrking av profilering av den eksterne verksemda ved høgskulen. (F1, F2, F3,C2)

Organisasjon

- Omstillingsarbeid, døme er frikjøpsmidlar for deltaking i samlokaliseringssprosjektet, alle. (E3, G1, G2, G3)
- Likestillingstiltak, felles (D3).
- Kulturbyggande tiltak i samband med samlokaliseringssprosjektet. (G2)
- Styrking av tillitsmannsapparatet for tilsette og studentar
- Resursgjennomgang av bruken av eigne tilsette, dublering av nøkkelfunksjonar og innkjøpte konsulentar
- Styrking av prosjektorganisasjonen

Sektormål 1: *Universitet og høgskular skal gi utdanning av høg internasjonal kvalitet i samsvar med samfunnet sitt behov.*

- Hovudmål HiB: Høgskolen i Bergen skal tilby solide, forskingsbaserte og relevante utdanningar på eit høgt fagleg nivå, og utdanne høgt kvalifiserte, sjølvstendige, reflekterte og etisk bevisste yrkesutøvarar for ein nasjonal og internasjonal arbeidsmarknad.*
- Verksemdsmål 1.1 Flyttinga til Kronstad og Møllendalsveien skal medverke til auka kvalitet i utdanningane*
- Verksemdsmål 1.2 Høgskulen skal identifisere og stimulere tverrfagleg samarbeid som samlokaliseringa mogleggjer*
- Verksemdsmål 1.3 Høgskulen skal legge til rette for auka bruk av e-læring i undervisning og vurdering*
- Verksemdsmål 1.4 Høgskulen skal vurdere utdanningsporteføljen for å sikre god og forsvarleg ressursbase for utdanningar på alle nivå*

Risikoelement

Samlokaliseringsprosjektet vil få særleg merksemd i 2014. Eit av dei viktigaste tiltaka er å gjennomføre flyttinga utan negativ innverknad på undervisnings- og eksamensavviklinga. Det vil difor vere avgjerande at avdelingane saman med studieadministrasjonen og leiinga legg tilstrekkelege planar for å sikre ei forsvarleg avvikling av studieåret våren 2014.

Risikovurderingane må leggest til grunn for flytteplanlegginga. Høgskulen må så tidleg som mogleg i året ha oversyn over arealbehova ved studiestart i august.

- *At høgskulen ikkje maktar å utnytte den teknologiske infrastrukturen i det pedagogiske arbeidet.*

På Kronstad/Møllendalsveien er det gjort store investeringar i teknologisk infrastruktur.

Høgskulen har i dei siste par åra støtta ei rekkje e-læringsprosjekt som vil gjere det lettare å utnytte teknologien. I tillegg er det planlagt omfattande opplæring for tilsette.

- *At HiB ikkje når måla som Handlingsplan for internasjonalisering legg opp til.*

Arbeidet for å realisere måla i handlingsplanen for internasjonalisering vert vidare ført i 2014. Høgskulen har erfart at det er behov for meir forpliktande fagleg samarbeid med utanlandske institusjonar på master- og ph.d.-nivå. Høgskolen i Bergen har utarbeidd ein handlingsplan for internasjonalisering og arbeidet med denne vil måtte vidareførast i 2014. Handlingsplanen grip inn på alle sektormåla. I forhold til utdanningsdelen er det difor viktig at den får ei god forankring i avdelingane og i institutt/program i arbeidet med utdanningane.

- *At fråfall i utdanningane aukar og gjennomstrøyminga går ned.*

Høgskulen har generelt sett høg gjennomføring og arbeider godt med å hindre at fråfallet aukar på sentrale utdanningar som ingeniør- og grunnskuleutdanningane. Flytte- og

omstillingsprosjekta inneber auka risiko for fråfall, og det må arbeidast systematisk med ei rekkje tiltak for å hindre dette.

Hovudprioriteringar 2014

Høgskulen følgjer dei overordna planane som ligg i Strategisk plan. Som risikovurderingane viser er den mest grunnleggjande prioriteringa for 2014 å sørge for ein god overgang for studentane i samband med flytting til Kronstad/Møllendalsveien. Det vert lagt planar for eit godt mottak av både nye og gamle studentar, og studentane skal møte fullgode tenester frå første stund.

Høgskulen skal vidare leggje til rette for og ta i bruk ny teknologisk infrastruktur på Kronstad og i Møllendalsveien både i pedagogisk og administrativt arbeid.

Studiekvalitet

Grunnlaget for god studiekvalitet ligg i det faglege tilbodet, i organiseringa av utdanningane og i studiekvardagen for den enkelte. Studentane må på alle nivå få god oppfølging i utdanningane. Studentane må difor sikrast aktiv deltaking i kvalitetsutviklinga – både i utvikling av utdanninga og i gjennomføringa. Det er eit mål at studentane skal lukkast i studiane.

Tiltak:

- Høgskulen legg i 2014 opp til betre oppfølging og internkontroll på studiekvalitet gjennom omlegginga av studieadministrasjonen.
- Det er satt av egne midlar over den strategiske tildelinga til høgskulepedagogikk i 2014 i tillegg til kvalitetsutviklande tiltak sentralt og på avdelingane.
- Det er sett av egne midlar over den strategiske tildelinga for gjennomstrøymingstiltak.
- Alle avdelingane er tildelt strategiske midlar for å betre kvaliteten både på program- og emnenivå
- Det skal gjennomførast egne opplegg for utdanningsleiing.

Internasjonalisering

I 2012 blei ein ny handlingsplan for internasjonalisering vedteken. Høgskulen skal fortsette å arbeide godt med utveksling av studentar på alle nivå. Det er eit mål å auke talet på innreisande studentar, undervise fleire emne på engelsk, og på sikt etablere minst ein internasjonal samarbeidsmaster.

Tiltak:

- Arbeid med å etablere strategiske partnerskap skal vidareutviklast i 2014.
- Høgskulen legg opp til auka bruk av strategiske midlar for å styrke internasjonaliseringsarbeidet både ved avdelingane og gjennom felles tiltak.
- Erasmus + er lansert i 2014. Høgskulen vil, idialog med avdelingane, Utdanningsutvalet og FOU-utvalet, arbeide for å ta i bruk dei moglegheitene det dette nye programmet gjer.

Samhandling mellom utdanning og forskning

Høgskolen i Bergen arbeider med å få på plass egne doktorgrader for å utvikle relevant kompetanse for egne utdanningar, og med dette arbeidet vert også studietilboda ved høgskulen vidareutvikla. Det er viktig å samordne arbeidet på alle utdanningsnivåa slik at etablering av masterutdanningar og ph.d.-program styrker utviklinga av, og kvaliteten i, bachelorutdanningane.

Tiltak:

- Involvering av studentar på alle nivå i relevante forskingsmiljø
- Involvere masterstudentar i undervisninga på bachelornivå
- Målretta og aktiv bruk av pliktarbeidet til stipendiatane til kvalitetsheving i utdanningane.

Teknologi og digitale verkøy i utdanningane

Høgskulen må vidareutvikle og styrke arbeidet med å bruke den nye teknologien på Kronstad og i Møllendalsveien til pedagogisk god utvikling av studietilboda.

Tiltak:

- Fagmiljøa skal forplikte seg til å ta i bruk digitale verktøy i utviklinga av fagtilboda sine.
- Høgskulen skal etablere tverrfaglege møteplassar for erfaringsutveksling på dette området, der også studentane kan inviterast inn.
- Opplæring i bruk og utvikling av nye støttetjenester mellom anna gjennom etablering av eigen prosjektleiar for e-læring, samt ein rekke prosjekt på ulike nivå.
- Vidareutvikle pedagogikk og fagdidaktikken gjennom dei mulighetene det digitale undervisningsutstyret opnar for.

Ein del av prosjekta er allereie i gang og vil danne grunnlaget for arbeidet vidare. Opplæring i bruk av AV-utstyr vil halde fram i 2014.

Tverrfagleg gevinst

Samlokaliseringa vil kunne gi tverrfaglege gevinstar som det er viktig at høgskulen identifiserer og støttar.

Tiltak:

- Stimulere til utvikling og etablering av tverrfaglege studentprosjekt, gjerne gjennom utlysing av strategiske midlar.
- Vidareutvikle tverrfaglege etter og vidareutdanningstilbod

Gjennomføring av normal drift

Høgskulen har lagt planar for korleis sjølve avviklinga av studieåret og starten av nytt på Kronstad/Møllendalsveien skal handterast. Dette arbeidet vert gjort i fellesskap mellom avdelingane, leiinga og studieadministrasjonen.

Tiltak:

- Høgskulen skal prioritere å sikre forsvarleg gjennomføring av undervisning og eksamenar som planlagt våren og hausten 2014.
- Flytteplanen tilpassast viktige milepælar i det faglege arbeidet vår og haust. Undervisning og eksamen er på dagens studiestader i vårsemesteret. Oppstarten på ny campus vil skje i haustsemesteret.

Omorganisering av utdanningsadministrasjonen

Høgskulen har utvikla og er i ferd med å implementere ein ny utdanningsadministrasjon – ein større og meir robust fellesadministrasjon og mindre avdelingsadministrasjonar. Målet er at studentane skal få likeverdige og fullgode tenester av administrasjonen uavhengig av kva utdanning dei tek, og at studentane vert handsama likt i høve til forvaltninga.

Tiltak:

- Sette i verk den nye organiseringa studieadministrasjonen i løpet av våren 2014.

Studentrekruttering

Rekrutteringsarbeidet vil bli vidareført i same omfang som tidlegare. Høgskulen rekrutterer særst godt, men det er studietilbod som treng spesiell merksemd – som rekruttering av kvinner til ingeniøruddanningane og menn til barnehagelærerutdanninga. I 2013 har det vore fokusert på ei auke i det kulturelle mangfaldet. Dette er eit arbeid som vil bli vidareført i 2014.

Tiltak:

- Vidareutvikle rekrutteringsarbeidet blant anna gjennom strategisk målretta kampanjer.
- Vidareutvikle arbeidet med det kulturelle mangfaldet gjennom rekrutteringsarbeidet

Høgskulen har god dokumentasjon på eit aukande behov dei kandidatane vi utdannar. Ikkje minst tyder tala frå SSB på dette. Det vil difor vere grunnlag for vekst i talet på studieplassar innan utdanningane våre. Høgskulen er positiv til ein vidare auke i talet på studieplassar i åra som kjem, men dette må vurderast nøye i høve til arealbehov og

praksisplassar. Høgskulen vil vekse dei neste åra, og styret har gjort vedtak om arealutviding på Kronstad-tomten.

Styringsparameter	Resultat			Mål 2014
	2011	2012	2013	
Gjennomføring på normert tid (KD) ⁵	91,1	91	91,5	92
Delen uteksaminerte kandidatar tekne opp på doktorgradsprogram seks år tidlegare (KD)	0,5 (3 av 6)	0,7	0 ⁶	0,7
Talet på kvalifiserte førstevalsøkarar per studieplass (HiB)	2,15	2,1		2,25
Talet på nye studiepoeng per eigenfinansiert heiltidsekvivalent per år (HiB)	49,6	50,8	51,3	51
Talet på studentar per årsverk i undervisnings-, forskings og formidlingsstilling (HiB)	15,6	15	14,2	14
Studiepoengproduksjon for høgskulen totalt (HiB)	5359	5887	6125	5800
Talet på utvekslingsstudentar totalt over 3 mnd. (ut-/innreisande) (HiB)	227/73	265/60		270/90
Talet på utvekslingsstudentar på masternivå over 3 mnd. (ut-/innreisande) (HiB)	0/0	1/0		5/5
Talet på utvekslingsstudentar totalt (ut-/innreisande) ⁷ (HiB)	264/86	274/70		300/90
Talet på framandspråklege mastergradar (HiB)	2	2	2	2
Studietilbod i samarbeid med andre institusjonar (fellesgradar) (HiB)	4	4	4	4
Kandidatproduksjon for Bachelor og Master ⁸	1575	1482	1583	1550

Styringsparameter for rapportering 2014

- Gjennomføring på normert tid (KD)
- Del uteksaminerte kandidatar tatt opp på doktorgradsprogram seks år tidlegare (KD)
- Talet på kvalifiserte førstevalsøkarar per studieplass (HiB)
- Talet på nye studiepoeng per eigenfinansiert heiltidsekvivalent per år (HiB)
- Talet på studentar per årsverk i undervisnings-, forskings og formidlingsstilling (HiB)
- Studiepoengproduksjon for høgskulen totalt (HiB)
- Talet på utvekslingsstudentar totalt over 3 mnd. (ut-/innreisande) (HiB)
- Talet på utvekslingsstudentar på masternivå over 3 mnd. (ut-/innreisande) (HiB)
- Talet på utvekslingsstudentar totalt (ut-/innreisande) (HiB)
- Talet på framandspråklege mastergradar (HiB)
- Studietilbod i samarbeid med andre institusjonar (fellesgradar) (HiB)
- Kandidatproduksjon for Bachelor og Master (HiB)
- Kvalitativt styringsparameter:
- Studentane skal lykkes med å oppnå læringsutbyttet som er definert for studieprogramma(KD)

⁵ Rapport for denne parameteren finst ikkje i DBH eller FS enno. Vi har derfor valt å bruke rapporten «Gjennomføring i henhold til avtalt utdanningsplan».

⁶ Høgskolen tok opp kun to stipendiater det aktuelle året og ingen av disse ble uteksaminert i 2013. Høgskolen hadde for øvrig 9 stipendiater som disputerte i 2013.

⁷ Inkluderer alle registrerte utvekslingsstudentar som var på utveksling frå 1 veke til 12 månader, og som avslutta opphaldet i rapporteringsåret.

⁸ Nytt styringsparamter som høgskolen sjølv har sett opp.

Sektormål 2: *Universitet og høgskular skal i tråd med sin eigenart, utføre forskning, kunstnarisk- og faglig utviklingsarbeid av høg internasjonal kvalitet.*

Hovudmål HiB: Høgskolen i Bergen skal auke aktiviteten og kvaliteten innanfor FoU-verksemnda, og medverke til å utvikle eit kunnskapsbasert arbeidsliv.

Verksemdsmål 2.1: Tyngdepunktet i FoU-verksemnda ved HiB skal vere profesjonsretta og praksisnær forskning innanfor satsingsområda våre.

Risikoelement for 2014

At talet på publikasjonspoeng per vitenskapleg årsverk stagnerer/går attende. Høgskolen i Bergen har hatt ein jamn auke i forskingsproduksjonen over ein del år.. Ein eventuell stagnasjon/tilbakegang vil kunne få negative verknader på høgskulen si vidare utvikling som forskingsinstitusjon.

- *At HiB ikkje aukar volum av, og suksessrate på søknader om, bidrags- og oppdragsfinansiert verksemd.*

Høgskulen har som mål å auke den eksterntfinansierte forskingsverksemda. Dette er ikkje minst viktig i forhold til å styrke forskningssamarbeid nasjonalt og internasjonalt og auke kompetansetilfanget ved høgskulen. Ein stagnasjon her vil kunne redusere evna til å nå måla i Strategisk plan og i Strategi for FoU/N.

- *At HiB ikkje når måla som Handlingsplan for internasjonalisering legg opp til.*

Det er viktig, spesielt i arbeidet med utvikling av master- og ph.d-utdanningar, med gode internasjonale fagnettverk som gir høve til utveksling og fagleg samarbeid for studentar/stipendiatar og fagmiljøa.

Hovedprioriteringer 2014

Høgskulen har som overordna mål å auke den vitenskaplege produksjonen og den eksterne verksemda. Høgskolen Bergen har som eit mål at FoU/N-arbeidet skal medverke til å utvikle profesjonsfaga. Denne verksemda skal vere av høg internasjonal kvalitet og skal utvikle fagområda der høgskulen har eit særskilt regionalt ansvar.

Eksterne prosjekt og publisering

Som risikovurderingane viser er det ein risiko at volum og suksessrate, kor mange av søknadane som går igjennom, stagnerer. Vidare er det ein risiko for stagnasjon i forhold til utviklinga på vitenskapleg publisering. Erfaring viser at publiseringssraten generelt svingar noko, men høgskulen må med sine ambisjonar halde oppe arbeidet med å auke publiseringssraten. HiB skal halde fram arbeidet med å stimulere til vitenskapleg publisering av høg kvalitet gjennom stimulering og opplæring av fagleg tilsette, og ved sterkare å vektlegge dette som kriterium for tildeling av FoU-tid.

Forskingsverksemda og arbeidet med å søke prosjektmidlar, vil ha prioritet også i 2014 og infrastrukturen og forvaltning av knappe forskingsmidlar er intensivert.

Tiltak:

- Stimulere til utvikling av fleire søknader om eksterne prosjekt
- Utvikle verkemiddel som stimulerer til auka publisering
- Etablere ein open-access policy og etablere eit publiseringssfond
- Legge til rette for samanhengande forskningstid for faglege i førstetillingar

- Vektlegge faglege resultat/publisering ved tildeling av FoU-tid.
- Etablere forsøksordning med forskningstermin.

Forskarutdanning

I samsvar med Strategisk plan er to ph.d.- søknadar under handsaming/slutthandsmaning i NOKUT. Gitt Godkjenning av desse vil dei bli starta i 2014. I 2014 eit mål å sende ein søknad til. Grunngevinga for dette er behovet for å kunne tilby gjennomgåande utdanningsløp, frå bachelor til ph.d, på strategiske område for regionene vår, og dermed sikre nødvendig kompetanse for god forskingsbasert undervisning på våre utdanningar.

Tiltak:

- Starte arbeidet med det 4. doktorgradsområdet vedteke av styret i desember 2013
- Legge stipendiatstillinger inn i søknadar om eksterne prosjekt.
- Investeringar til fleiere stipendiatstillinger over eige budsjett.

Internasjonalisering

Arbeidet med å bygge gode internasjonale nettverk vil bli prioritert i 2014. Nokre av tiltaka i den nye handlingsplanen for internasjonalisering er implementert. I samband med ph.d.- søknadane har høgskulen særskilt hatt fokus på avtalar med utanlandske fagmiljø. I det vidare arbeidet med dette vil koplinga mellom utdanningssamarbeid og forskingssamarbeid få eit sterkare fokus, særleg på master- og ph.d.-nivå. Høgskulen har vidare som mål stadig å auke den vitenskaplege publiseringa i internasjonalt anerkjende publiseringskanalar.

Tiltak:

- Inngå fleire internasjonale avtaler som i større grad rettar seg mot forskingssamarbeid.
- Stimulere til auka internasjonal publisering gjennom rettleiing og opplæring.

Tverrfagleg gevinst

Samlokaliseringa vil bidra til at det tverrfaglege arbeidet mellom profesjonsutdanningane vert styrka. Målet er å leggje til rette for dette alt frå hausten 2014. Særleg vil dette spele ei rolle for sentra som drivkrefter for auka tverrfagleg vitenskapleg verksemd.

Styringsparameter	Resultat			Mål 2014
	2011	2012	2013	
Talet på vitenskapleg publisering	221	198	259 førebelse tal rapporteringsfrist 1.4.14	240
Vitenskapleg publisering, målt i publikasjonspoeng (HiB) ⁹	113	142	124,9 førebelse tal rapporteringsfrist 1.4.14	150
Total registrering av publisering samt bruker- og allmennretta formidling i CRISTIN (HiB)	889	930	1134	1200
Midlar frå Noregs forskingsråd (i tusen kr) (HiB)	8.212	10.512	14.167	15000

Styringsparameter for rapportering 2014

⁹ Talet på publikasjonspoeng for 2013 er ikkje klart for denne rapporten, fordi rapporteringsfristen til Cristin for publikasjonar ikkje er før 3. april 2014.

- Midlar frå Noregs forskingsråd (i tusen kr) (HiB)
- Vitskapleg publisering, målt i publikasjonspoeng (HiB)¹⁰
- Talet på vitskapleg publisering
- Total registrering av publisering samt bruker- og allmennretta formidling i CRISTIN (HiB)
- Resultatoppnåing på forskning i forhold til eigenart (KD).
- Samspel mellom forskning og utdanning (KD).
- Forskingsinnsats i MNT- og profesjonsfag (KD)

Sektormål 3: *Universitet og høgskular skal vere tydelege samfunnsaktørar og bidra til formidling, internasjonal, nasjonal og regional utvikling, innovasjon og verdiskaping.*

Hovudmål HiB: Høgskolen i Bergen skal vere ein sentral samarbeidspart og aktør i det regionale samfunns- og næringslivet. Høgskolen skal delta i samarbeidsprosjekt, kunnskapsutvikling og kompetanseoppbygging som kan gje menneske betre livsvilkår, regionalt, nasjonalt og internasjonalt.

Verksemdsmål 3.1 Forskings- og kompetansesentera til høgskulen skal ha høg relevans for regionen og vere nasjonalt og internasjonalt konkurransedyktige innan sine fagområde. Sentera skal ha kritisk masse og bidra med kompetanse på tvers av avdelingane.

Verksemdsmål 3.2 Høgskulen skal i aktiv og systematisk kommunikasjon med målgruppene sørge for merkevare- og omdømmeoppbygging av HiB som kvalitetsleverandør av kompetansegevande EVU. Studietilboda skal vere relevante for behova i arbeidslivet og tilpassa behovet målgruppene har for fleksibilitet.

Risikoelement for 2014

- *At HiB ikkje aukar volum av, og suksessrate på søknader om, bidrags- og oppdragsfinansiert verksemd.*

Andelen eksterne prosjekter i samhandling med omverda er også sentral for sektormål 3. Høgskolen har som ambisjon å auke andelen eksterne bidrags- og oppdragsprosjekt.

- *At HiB ikkje når måla som Handlingsplan for internasjonalisering legg opp til.*

Høgskolen må arbeide vidare med å nå sentrale mål for auka internasjonalisering også innan sektormål 3.

Hovudprioriteringar 2014

Profilerings og formidling

Høgskulen vil i 2014 satse ytterlegare på strategisk kommunikasjon og samfunnskontakt for å betre kjennskapen til den faglege profilen og samfunnsmandatet vårt. Det er kritisk viktig at det vert prioritert kommunikasjonsressursar rundt flytteaktiviteten og det høgskulen skal tilby på ny campus. God kommunikasjon internt og eksternt kan bidra til å gjere overgangen til nye omgjevnader mest mogleg smidig. Kommunikasjonsverksemda ved høgskulen vil såleis fokusere litt annleis enn i eit vanleg driftsår. Arbeidet med studentrekruttering, internkommunikasjon, marknadsføring av våre etter- og vidareutdanningar, omdømmearbeid og mediekontakt blir også prioritert.

Arbeidet med å ta del i samfunnsdebatten og nå ut til ålmenta med ny kunnskap frå våre fagmiljø, vil fortsette med auka styrke i form av aktiv innsats med kronikkar og kontakt med media.

Arbeidet med Open Access-publisering blir vidareført i 2014. Høgskolen i Bergen vil arbeide vidare med:

- Utarbeide ein Open Access-policy
- Etablerer eit 'publiseringsfond' for Open Access-publisering
- Etablerer ei nettbasert løysing for publisering av høgskulen sin skriftserie i BORA
- Legge til rette for at masteroppgåver blir gjort tilgjengelege elektronisk av i BORA

Arbeidet med tilgang på e-forskningsressursar må utviklast vidare og intensiverast. Målet er å oppnå meir fleksible lisensavtalar for forskningsressursar slik at avtalene også kan inkludere andre institusjonar sine tilsette og studentar.

I samband med samlokaliseringa vil arbeidet med å vidareutvikle biblioteket til å bli eit fullverdig forskningsbibliotek bli prioritert. Dette følgjer som del av arbeidet med utviklinga av forskningsområda og doktorgradssatsinga.. Arbeidet med å implementere ny bibliotekorganisasjon vil halde fram i 2014 med vekt på innplassering i dei nye lokala på Kronstad/Møllendalsveien og med vidareutvikling av bibliotekenestene.

Tiltak:

- Styrke intern kursing i forskningsformidling.
- Vidareføre kurs i kronikkskriving
- Etablere formidlingsfora for å knytte saman forskarar, studentar og aktørar i samfunns- og næringsliv.
- Vidareutvikle merkevare- og omdømmebygging retta mot eksterne samarbeidspartar og EVU-studentar.
- Lansere nye websider før semesterstart hausten 2014.
- Vidareføre tilbod om medietreningskurs for fagleg tilsette og for leiinga.

Samfunnsmandat

HiB har i dag ein tett relasjon med dei områda vi utdannar for og mykje av denne kontakten er gjennomført på avdelingsnivå og i tilknytning til utdanningane. Andre er knytt til samarbeidsprosjekt innanfor utdanning, forskning, utvikling og nyskaping. Dei fleste samarbeidsavtaler etc. er organisert gjennom og administrert av EVO-kontoret.

I 2013 blei grunnlaget lagt for arbeidet med RSA. HiB vil arbeide vidare med å utforme og konkretisere ein strategi som sikrar kvalitet og relevans i utdanningane våre og som oppfyller samfunnsmandetet. HiB har som mål å konkretisere dei innspela som kjem frå RSA i det vidare samarbeidet med praksisfeltet og tilstøytande næringer, samt i vårt eige strategiske arbeid med utdanning og forskning.

Høgskulen har som mål å vidareføre fleksible utdanningstilbod, både grunnutdanningar og etter- og vidareutdanning for å imøtekomme kompetansebehovet i for det regionale samfunns- og næringslivet.

Høgskulen skal i 2014 fortsette fleire store samarbeidsprosjekt som t.d. subsea-ingeniørutdanning i Florø etter mal av den suksessrike utdanning på Sotra, Nasjonalt senter for mat helse og fysisk aktivitet blir starta i 2014, koordineringsansvaret for etter- og vidareutdanning av grunnskolelærarar og barnehagelærarar på Vestlandet, UH-Nett Vest osv.

Den profesjonsutviklande forskinga krev tett dialog med praksis og brukarfeltet. Denne kontakten er også viktig i samband med dei praksisnære grunnutdanningane. Høgskulen skal i 2014 halde fram med den gode dialogen med samarbeidspartane i arbeids- og næringsliv.

Tiltak:

- Utvikle ein strategi for RSA og forankre innspela i planane for høgskulen.
- Vidareføre desentraliserte utdanningar i ingeniørfag

Forskning, utvikling og nyskaping

Gjennom dei større regionale prosjekta som Barnehagen som dannelsesarena, Senter for omsorgsforskning, Tematisk forskningsprogram i Kunnskapsbasert praksis i Helse Vest, VRI,

NCE Subsea, Nyskapingsparken m.m., vil høgskulen styrkje og vidareutvikle samarbeidet med dei praksisfelte som høgskulen utdannar for i) kommunal og fylkeskommunal sektor, ii) spesialist- og allmennhelsetenesta, iii) næringslivet og iv) aktørar for næringsutvikling og innovasjon.

Sentra ved høgskulen skal vidareutviklast i 2014, der 'kritisk masse' og fagleg utvikling blir prioritert. Sentra skal halde god nasjonal og internasjonal standard.

Sentera skal vere tett på utviklinga i samfunns- og arbeidslivet, og fleire av sentra er sentrale i utvikling av doktorgradsprogramma, mellom anna med etablering av fleire internasjonale avtalar i 2013. Det er eit mål at sentra i sterkare grad enn no vert senter for heile høgskulen på tvers av etablerte fagfelt.

Sentera er aktive i å hente inn eksterne midlar og samarbeider tett med Seksjon for forskning og ekstern samhandling i forhold til den eksterne porteføljen. Dette arbeidet blir prioritert og vidareført.

Tiltak:

- Auke andelen eksterne prosjekt
- Vidareføre arbeidet med implementering av Handlingsplan for internasjonalisering

Kvantitative styringsparameter sektormål 3

Styringsparameter	Resultat			Mål 2014
	2011	2012	2013	
Del av inntekter frå bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA) utanom EU og NFR (KD)	4,8 %	2,7 %	4,1%	5%
Talet på forretningsidear (HiB)	14	15	3	10

Styringsparameter for rapportering 2014

- Del av inntekter fra bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA) utanom forskingsfinansiering frå EU og NFR (KD)
- Kvalitativt samarbeid med samfunns- og arbeidsliv (KD)
- Fleksibel utdanning (KD)

Sektormål 4: *Universitet og høgskular skal ha effektiv forvaltning av verksemda, kompetansen og ressursane i samsvar med si samfunnsrolle.*

- Verksemdsmål 4.1 Høgskolen i Bergen skal ha eit arbeids- og læringsmiljø som er ope, stimulerande, trygt og utfordrande*
- Verksemdsmål 4.2 Høgskolen i Bergen skal utvikle ein heilskapleg organisasjon på Kronstad/Møllendalsveien, der samlokaliseringa skal styrkje fagleg samarbeid på tvers av utdanningane.*
- Verksemdsmål 4.3 Høgskolen i Bergen skal leggje til rette for gode kunnskapslokale med høg kvalitet. Høgskolen skal ha som mål å verte miljøfyrtårnbedrift.*
- Verksemdsmål 4.4 Høgskolen i Bergen skal ha høg kompetanse blant dei tilsette, òg med tanke på å oppnå universitetsstatus.*
- Verksemdsmål 4.5 Høgskolen i Bergen skal skape eit større økonomisk handlingsrom gjennom effektiv bruk av ressursane og tydelege prioriteringar.*

Risikoelement for 2014

- *(G2) At det er ein manglande motivasjon blant dei tilsette før, under og etter flyttefasen og «energilekkasje» i gjennomføringa. (SM 4).*

Denne risikoen ligg som eit bakteppe på fleire område og kan reduserast gjennom å sikre seg på dei andre risikoområda. Faren er at det ligg ein slitasje i organisasjonen som likevel svekker framdrifta når det kjem til gjennomføring.

- *(G3) At det er for svak gjennomføringsevne og integrasjon mellom dei ulike prosjekta og delprosjekta knytt til samlokaliseringa. (SM 4).*

Byggprosjektet følgjer ein eigen timeplan, og entreprenørar og byggherre skal ferdigstille bygget til 1. mai 2014. Frå den dagen av tek høgskulen over. Det går parallelle prosjekt i organisasjonen som både omhandlar innkjøp, innplassering og organisering. Koplinga mellom desse må vere optimal fram mot mai 2014. Denne risikoen speglar også den smale organisasjonen som høgskulen bygger prosjektet sitt på. Det er lagt opp til å nytte stor grad av intern kapasitet i eksisterande stillingar. Moglege svikt ligg på ulike nivå i organisasjonen.

- *At det ikkje er tilgang på godt kvalifiserte relevante søkjarar til faglege stillingar.*

HiB har som profesjonshøgskular flest utfordringar knytt til rekruttering til vitskaplege stillingar. Årsakene er ulike frå avdeling til avdeling og frå fagfelt til fagfelt. I 2014 skal rekrutteringsarbeidet intensiverast og rekrutteringsstrategiar vidareutviklast.

- *At HiB ikkje klarer å rekruttere tilstrekkeleg gode og relevante leiarar på alle nivåa.* Rekruttering av leiarar er kritisk omsyn teke til at mange åremålskontraktar går ut i 2015. Erfaring viser at det er utfordrande å få fylt disse stillingane. Erfaring viser også at det er tidkrevjande og vanskeleg å rekruttere leiarar som oppfyller krava, - dette gjeld både fagleg-administrative leiarar og administrative leiarar.

- *At HiB ikkje i tilstrekkeleg grad klarar å prioritere langsiktig planlegging.* Langsiktig planlegging av både økonomisk, strategisk og fagleg art er viktig for høgskulen si vidare utvikling. Dette gjeld vedtekne ambisjonar, men også dei utfordringane som ligg framfor oss etter samlokaliseringa.

- *At auka husleigekostnader, og knappheit på lokale, reduserer kvaliteten i den faglege og pedagogiske verksemda*
Høgskulen står overfor samansette utfordringar knytt til dei auka husleigekostnadane og den nye kvardagen med mindre areal. Det er gjort eit grunnleggjande godt arbeid i høve til å bygge opp økonomiske reservar. Dette arbeidet må vidareførast. Høgskulen vil tidleg få erfaring med i kva grad dei nye lokala er dekkande for behovet i dag. Vidare er det mykje som tyder på at høgskulen vil vekse i dei komande åra, og dermed vil arealbehovet auke.

Hovudprioriteringar 2014

I 2014 vil campus Kronstad stå ferdig. Det er lagt ned eit stort arbeid for å planlegge og leggje til rette for overtaking av bygget for å få til ein best mogleg bruk etter overtakinga. Arbeidet her har vore gjort på alle nivåa i organisasjonen. I 2014 vil derfor prioriterte oppgåver vere knytt til flyttinga og at organisasjonen vil fungere i nye omgjevnader. Vidare er det viktig å lukkast med omorganiseringa av store deler av administrasjonen; bibliotek, drift og utdanningsadministrasjonen.

Arbeidsmiljø og tillitsvaldsarbeid

Styret har vedtatt gjennom budsjettet for 2014 å styrke studenttillitsvaldsarbeidet og vil styrke og vidareutvikle eit godt arbeidsmiljø i samarbeid med dei tilsette sine organisasjonar. Rekruttering av tilsette

Høgskolen opplever en del utfordringar i forbindelse med rekruttering. Dette er felt som får stor merksemd i planåret. Høgskolen vil i 2014 satse vidare på internasjonal rekruttering gjennom det arbeidet som er starta i 2013 og forankrast betre i avdelingane og i fagmiljøa. Ikkje minst må det arbeidast vidare med rekruttering av kandidatar til forskarkarrierar frå våre eigne utdanningsprogram.

Høgskulen har eit vedteke mål om å utvikle høg forskingskompetanse på kjerneområda, med det mål å kunne etablere eigne forskarutdanningar og vidare fram mot etablering av universitet. Høgskulen har som mål å auke andelen førstekompetente. Dette skal vere i samsvar med dei prioriterte satsingane for FoU/N og sikre utdanningane den kompetansen høgskulen treng.

Som ein høgskule med eit utdannings- og forskingsfokus innanfor profesjonsfaga, er det avgjerande at dei tilsette kan virke innanfor og bidra til utvikling av faga både inn mot utdanningane og ut mot praksisfeltet.

Tiltak:

- Auke talet på førstekompetanse ved tilsettingar
- Intensivere arbeidet med internasjonal rekruttering
- Arbeide målretta med rekruttering av eigne kandidatar til forskarkarrierar.

Miljø

Miljø- og klimaproblemstillingar innan dei einskilde faga er allereie viktige tema i utdanningane på tvers av avdelingane ved HiB. Ambisjonen er at høgskulen som

kunnskapsinstitusjon òg skal følgje opp miljøfokus i eiga drift på ein måte som kan vere til inspirasjon for studentane og omgjevnadene elles. Ein sentral del av prosessen vil vere å etablere ein felles miljøplan for høgskolen, med klar målstruktur og opplegg for årlig rapportering.

Eit sentralt element ved miljøfyrtårnsertifiseringa er å legge opp til at organisasjonen heile tida jobbar for å gjere drifta meir miljøvenleg. Sjølv om høgskulen flyttar inn i eit moderne bygg, vil det heile tida vere forbetringar som dannar grunnlag for vidare mål og ambisjonar på miljøområdet. For høgskulen vil òg ei naturleg oppfølging av ei vellykka sertifisering på Kronstad vere å starte arbeidet med å miljøfyrtårnsertifisere resten av studiestadane.

Tiltak:

- Arbeide for å innfri krav for Miljøfyrtårnsertifisering av nybygget med verknad frå hausten 2014.

Sikkerheit og beredskap

Høgskulen sitt arbeid med beredskap og sikkerheit må gjennomgåast i samband med flyttinga. Det må på eit tidleg tidspunkt etablerast rutinar og system som tar høgde for den nye organisasjonen og dei nye lokala. Høgskolen har allereie et system for krisehandtering og har gjennomført øvingar på dette feltet. Den største utfordringa framover ligg i den fortettinga høgskolen no står overfor ved å gå frå fleire mindre studiestader til hovudsakeleg to. Dette medfører ein auka sårbarheit. Andre utfordringar som vil bli handsama er knytt til driftsavvikling, tilgangskontroll, brannvernsrutiner mv.

Tiltak:

- Opplæring i, og fornying av, beredskap- og sikkerheitsplaner.
- Initiere ein heilskapeleg vurdering av sårbarhet- og risikosituasjonen for høgskolen.

Medarbeidarutvikling

Høgskolen har eit overordna mål om høg kompetanse på sine medarbeidarar særleg med den strategiske målsetnaden om utvikling av forskarutdanningar og framtidig universitetsstatus. Høgskolen vil arbeide vidare med desse strategiske måla i 2014 for å sikre utviklinga av medarbeidarar og miljøa.

Tiltak:

- Høgskulen skal vidareutvikla forskingskompetanse internt innanfor kjerneområda i tråd med Strategisk plan og FoU/N-strategien.
- Høgskulen må arbeide med god personaloppfølging på alle nivå med mål om å redusere fråfall og behalde godt kvalifiserte i stillingar.
- Høgskulen skal arbeide med å betre den pedagogiske kompetansen og betre utbyttet av moderne teknologisk infrastruktur.

Leiarutvikling

Høgskulen skal i 2015 i gang med ny utlysning av åremålstilsette leiarar på dei ulike nivåa. Rekrutteringsarbeidet her må starte opp i 2014. Høgskulen må i løpet av 2014 avklare kva for vegval og prioriteringar som skal gjerast for dette arbeidet. Det vil bli starta eit arbeid med intern leiarutvikling som eitt ledd i dette arbeidet.

Tiltak:

- Avklare vegval og prioriteringar i forhold til leiarskap på alle nivå i organisasjonen.
- Starte arbeidet med utlysning av leiarstillingar
- Starte arbeidet med intern leiarutvikling
- Arbeide vidare med utdanningsleing

Likestilling og mangfald

Høgskulen har hatt ein liten vekst i andelen kvinner i dosent- og professorstillingar gjennom både opprykk og tilsetning. Målet er å halde fram med dette arbeidet òg i 2014.

Tiltak:

- Høgskulen skal vidareføre arbeidet med å auke andelen av forskarar frå det underrepresenterte kjønn.

Mellombelse stillingar

I ein periode med omstilling og flytting til nye lokalar vil det vere eit behov for mellombelse stillingar. Høgskulen har som mål å halde talet ned og ikkje eskalere denne andelen. Det vil vere naudsynt å sjå nærare på den eksisterande permisjonspraksisen for høgskulen, då mykje av dei mellombelse stillingane følgjer av dynamikken i arbeidsstokken og sentrale oppgåver som etter- og vidareutdanningsprosjekt mm.

Økonomi

Som det går fram av risikovurderingane er det knytt ein viss risiko på området langtidspanlegging og innkjøpsorganisasjon for høgskulen.

Høgskulen har dei seinare åra hatt eit jamt fokus på å bygge opp avsettingar for å oppnå målsettinga om eit større økonomisk handlingsrom. Viktigheita av dette vil bli synleg i 2014 når husleigekostnadene vil auke. I det vidare arbeidet er det derfor naudsynt å halde fram arbeidet med å sikre godt økonomisk handlingsrom. Særleg gjeldet dette i forhold til å innfri høgskulen sine ambisjonar for utdanning, forskning og utvikling.

Arbeidet med å sikre den langsiktige økonomiske planlegginga vil bli prioritert i 2014.

Arbeidet med å vidareutvikle innkjøpsrutinane for høgskulen vil bli prioritert vidare inn i 2014.

Tiltak:

- Utvikle vidare ein operativ innkjøpsorganisasjon i heile høgskulen, med mål om å redusere talet på innkjøpsansvarlege og tydeleggjere roller og ansvar.
- styrke den langsiktige økonomiske planlegginga.
- Utvikle vidare verksemdsstyringa ved høgskolen.

Organisasjon

Ein del av risikobildet under sektormål 4 er knytt til organisasjon generelt. I første del av perioden vil det viktigaste vere at høgskulen held oppe tempoet i dei prosjekta som er starta. Situasjonen ved en eventuell stans i del-prosjekta vil få svært alvorlige konsekvensar for gjennomføringa av flyttinga.

Bevisstgjerung rundt dei prosessane som no pågår skal hindre energilekkasje og sørge for at tiltak satt i verk blir gjennomført. Dette stiller krav til heilskapleg leiing på alle nivå og som trekker i same retning. Dette vil vere tema i alle leiarmøter og samlingar igjennom heile året. Høgskulen skal vere ein dynamisk organisasjon, og det er viktig å kunne gjere omfordelingar av oppgåver ut frå vurdering av behov. Vi kjenner i liten grad verknaden av dei endringane som høgskulen skal igjennom i 2014, men må vere førebudd på at det vil vere behov for framtidig endringar. Omstilling og omorganisering av verksemda både i administrasjon og i fagavdelingane må vurderast ut frå korleis organisasjonen fungerer i forhold til overordna mål og resultat.

Tiltak:

- Høgskulen vil i 2014 styrke arbeidet med langsiktig planlegging innan økonomi, strategi og faglig utvikling.
- Høgskulen vil i 2014 prioritere arbeidet med å integrere dei ulike delane i organisasjonen for å redusere friksjon i samband med samlokaliseringa.
- Arbeide for å styrke organisasjonskulturen ved samlokaliseringa og vidareutvikle identiteten.

Bygg prosjekt og organisasjonsprosjekt

Ein viktig suksessfaktor for å nå visjonen for høgskulen er det arbeidet som blir gjort i samband med nybygg og organisasjonsprosjekta. Nokre av prosjekta er inne i ein avsluttande fase. Bygga skal takast over i 2014. Flytteprosessane tar til ut over våren og sommaren. Samstundes skal viktige organisatoriske endringa på plass i løpet av sommaren og vere operative frå starten av haustsemesteret. Dette gjeld studieadministrasjon, bibliotek og driftseininga.

Av risikovurderingane er det knytt høgast risiko til gjennomføringsevne i delprosjekta og integrasjon mellom prosjekta. I den fasen som ein no går inn i, må organisasjonen halde fokus på å handtere avvik fortløpande. Mykje av dette arbeidet er forankra i leiargruppa og i prosjektorganisasjonen. Høgskulen har ein liten og sårbar prosjektorganisasjon med få tilsette. Dette kan utgjere ein høg risiko i gjennomføringa. Høgskolen vil måtte sikre i større grad overlapping i prosjektorganisasjonen i kritiske fasar.

Kvantitative styringsparameter sektormål 4

Styringsparameter	Resultat			Mål 2014
	2011	2012	2013	
Delen kvinner i dosent- og professorstillingar (KD)	28,6%	31%	33,3%	35%
Delen midlertidig tilsette (KD) ¹¹	20,7%	21%	22,5%	20%
Delen førstestillingar av totalt tal på undervisnings-, forskar- og formidlingsstilling (HiB)	36,6%	43%	43%	45%
Avsettingsnivå i prosent av samla statleg løyving (HiB)	6,75%	8,2%	13,4%	10%
Resultatmargin frå oppdragsverksemda (HiB)	22 %	13,3%	31,3%	15%
Delen samla lønskostnadar i høve til samla driftskostnadar (HiB)	63 %	63,4%	64%	65%

Styringsparameter for rapportering 2014:

- Del kvinner i dosent og professorstillingar (KD)
- Del midlertidig tilsette (KD)
- Delen førstestillingar av totalt tal på undervisnings-, forskar- og formidlingsstilling (HiB)
- Avsettingsnivå i prosent av samla statleg løyving (HiB)
- Resultatmargin frå oppdragsverksemda (HiB)
- Delen samla lønskostnadar i høve til samla driftskostnadar (HiB)

- Kvalitativ styringsparameter: Langsiktig økonomisk planlegging (KD)
- Kvalitativ styringsparameter: Robuste fagmiljø (KD)


¹¹ Her inngår mellom anna stipendiatar og åremålstilsette.

Grafisk framstilling av risikoar knytt til kritiske suksessfaktorar

(ikkje prioritert rekkefølge)

A. Økonomisk handlingsrom


- (1) At auka husleigekostnader, og knappheit på lokale, reduserer kvaliteten i den faglege og pedagogiske verksemda og dermed resultatbasert inntekt.
- (2) At HiB har for låg del eksterne midlar.
- (3) At HiB ikkje har ein tilfredsstillande etablert innkjøpsorganisasjon.



Risikobildet for det økonomiske handlingsrommet handlar først og fremst om den årlege husleigeauken på ca 30% i forhold til 2013. I tillegg er det usikkert korleis samlokaliseringa vil påverke rekruttering, gjennomføring og studiepoengproduksjon. Høgskulen har over fleire år bygd opp reservar med tanke på auke i husleiga. I tillegg har ein hatt god vekst i økonomien på grunn av nye studieplassar og etter kvart aukande studiepoengproduksjon. Omfanget av eksternt finansierte prosjekt påverkar det økonomiske handlingsrommet gjennom inntekter til forskning og etter- og vidareutdanning. Det er grunn til å tru at nye lokalitetar vil betre både rekruttering av fagleg personale og omsettinga innan etter- og vidareutdanning og andre prosjektinntekter. HiB har eit pågåande arbeid med innkjøpsområdet, og har fortsatt behov for å vidareutvikle dette området. Særleg gjeld dette å utvikle ein robust innkjøpsorganisasjon som dekker alle nivåa.

B. Kvalitet og relevans i utdanning

- (1) At Høgskulen ikkje makter å utnytte den teknologiske infrastrukturen i det pedagogiske arbeidet .
- (2) At fråfall i utdanningane aukar og gjennomstrøyminga går ned.
- (3) At satsinga på masterutdanning og eigne ph.d.-utdanningar går utover kvaliteten i og ressursbasen til bachelorutdanningane ved høgskulen.



HiB har justert dette risikobildet frå 2013. Dels som følgje av ein omlegging av risikovurderingane, og dels som følgje av nye utfordringar vi har vurdert. Høgskulen legg betydelig økonomisk innsats i investeringar knytt til AV-utstyr og teknologi i undervisninga. Både i samband med e-læringsprosjekt og høgskulens omdømme som ein framtidretta høgskule, er det avgjerande at undervisningsformene blir tilpassa desse verktøya. Ikkje

minst er det viktig at nye læringsformar og verktøy som i dag er i bruk både i skolen og i arbeidslivet blir ein naturleg del av undervisninga framover. Høgskulen har ei viktig satsing på ph.d.-utdanning på utvalde område. Denne satsinga er stor semje om i høgskulen. Det blir likevel stilt spørsmål frå ulike eksterne hald om relevansen av slik satsing i høgskulesektoren. Det er tydeleg uttrykt frå høgskulen si side at denne satsinga skal ha positiv innverknad på kvaliteten i grunnutdanningane . Oppbygginga av ph.d.- og masterutdanning har som mål å skape sterkare forskingsmiljø og gje eit kvalitativt løft også for dei grunnutdanningane som utgjer hovudidentiteten til høgskulen. Risikovurderinga viser at dette er eit aspekt som må vektleggjast i det vidare arbeidet.

C. Kvalitet og relevans i forskings- og utviklingsarbeid

- (1) At talet publikasjonspoeng per vitenskapelig årsverk og den totale vitenskapelige produksjonen stagnerer/går attende.
- (2) At HiB ikkje aukar volum av, og suksessrate på søknader om, bidrags- og oppdragsfinansiert verksemd.
- (3) At resultat av aktiviteten ved sentra ikkje får god nok verknad i høgskulen sine utdanningsprogram på lågare grads nivå.
- (4) At stipendiatressursar ikkje blir utnytta godt nok i undervisning og rettleiing.
- (5) At HiB ikkje lykkast i å utvikle i tilstrekkeleg grad ein forskingsprofil retta mot profesjonsutøving.

Sannsynlighet	5					
	4					
	3					
	2					
	1					
		1	2	3	4	5
Konsekvens						

Risikovurderinga viser at det er behov for å auke både volum og suksessrate for eksterne prosjekt. Høgskolen i Bergen har hatt ei fin auke i talet på publikasjonspoeng. Likeins gjeld det talet på eksterne prosjekt som gjev rom for stipendiatstillingar. Det er likevel ein risiko på kort og mellomlang sikt at denne aktiviteten stagnerer. Suksessrate og publisering er sentralt i forhold til den overordna strategien. Høgskulen har som mål å utvikle forskingskompetanse på høgt nivå retta mot profesjonsfaga som ligg i kjernen av verksemda. Dette er eit arbeid som har gått over år. I samband med dei overordna måla i strategisk plan for høgskulen, er det kritisk å halde forskingsprofilen retta mot profesjonsfaga.

D. Rekruttering og utvikling av personale

- (1) At det ikkje er tilgang på godt kvalifiserte *relevante* søkjarar til faglege stillingar .
- (2) At det ikkje er tilgang på godt kvalifiserte *relevante* søkjarar til administrative stillingar.
- (3) At arbeidet med å vidareutvikle kompetanse internt ikkje er godt nok forankra i overordna strategiar.
- (4) At det oppstår ein avskaling av personell i samband med flytting og omorganisering.

Samsynlignheit	5	Yellow	Red	Red	Red	Red
	4	Green	Yellow	Red	Red	Red
	3	Green	Green	Yellow	Red	Red
	2	Green	Green	Green	Yellow	Red
	1	Green	Green	Green	Green	Yellow
		1	2	3	4	5
Konsekvens						

Som dei fleste andre høgskular i sektoren ser vi ei utfordring i det pågåande generasjonsskiftet. Rekruttering av undervisnings- og forskingspersonell er ei utfordring som vil måtte takast omsyn til. Høgskolen har i sin strategi valt å satse på oppbygging av eigne forskarutdanningar med det mål å utvikle kompetanse sjølv, men jamvel om vi satsar sterkt her må heile organisasjonen delta i prosessane med å sikre god rekruttering til ledige stillingar. Det er vidare ei utfordring å skaffe relevant kompetanse til visse administrative stillingar. Høgskulen har også ei utfordring med å arbeide vidare med utvikling av kompetanse internt og følgje opp dei strategiane som er lagde. Mykje av realiseringa ligg til dei enkelte avdelingane. Men styret vil måtte ha eit særleg tilsyn med rekrutteringsarbeidet og at dei nye doktorgradane held nødvendig kvalitet og at gjennomføringa på forskarutdanninga er effektiv.

E. Effektiv organisasjon og godt leiarskap på alle nivå i organisasjonen

- (1) At informasjonsflyten i samband med samlokaliseringa og omorganiseringa ikkje er god nok.
- (2) At HiB ikkje klarer å rekruttere tilstrekkeleg gode og relevante leiarar på alle nivåa.
- (3) At HiB ikkje i tilstrekkeleg grad klarar å prioritere langsiktig planlegging.

Samsynlignheit	5	Yellow	Red	Red	Red	Red
	4	Green	Yellow	Red	Red	Red
	3	Green	Green	Yellow	Red	Red
	2	Green	Green	Green	Yellow	Red
	1	Green	Green	Green	Green	Yellow
		1	2	3	4	5
Konsekvens						

Høgskulen vil 2014 måtte arbeide vidare med informasjonsflyten i organisasjonen, særleg med omsyn til samlokaliseringa og dei omorganiseringane som skal fullførast. I det vidare arbeidet er det viktig at det er god kommunikasjonsflyt og informasjonsflyt når høgskulen er samla på to lokalitetar.

Høgskulen skal i 2015 tilsette nye leiarar i åremålsstillingar. Rekrutteringsarbeidet må starte i 2014. Erfaring viser at det er svært krevjande å finne personell til denne type stillingar. Det må derfor setjast i gang godt forankra prosessar for å redusere risiko for manglande leiartilsetjingar i den neste åremålsperioden. Erfaringane viser også at det er utfordrande å få relevante kvalifiserte søkjarar til andre typar leiarstillingar.

F. Tydeleg rolle som regional profesjonshøgskule og premissleverandør med gode samarbeidsrelasjonar lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt

- (1) At HiB ikkje klarer å synleggjere sin strategiske rolle som regional og nasjonal aktør
- (2) At HiB ikkje klarer å prioritere, institusjonalisere og strategisk forankre tilstrekkelig samvirke og kontakt med nærings- og arbeidsliv lokalt og regionalt, spesielt i forhold til praksisfelta.
- (3) At HiB ikkje når måla som Handlingsplan for internasjonalisering legg opp til (har innverknad på både forskning og utdanning)

Sannsynlighet	5					
	4					
	3					
	2				2	3
	1					
		1	2	3	4	5
Konsekvens						

Høgskulen er trygg på rolla som regional profesjonshøgskule og som sentral regional aktør, og viser at vi har ein sentral plass nasjonalt på våre område. Høgskulen har i dag eit stort kontaktfelt ut mot arbeidsliv og næringsliv, særleg kontakten mot praksisfeltet. Høgskulen etablerte RSA i 2012 og har hatt gode møter i 2013. HiB har som mål å konkretisere dei innspela som kjem frå RSA i det vidare samarbeidet med praksisfelta og tilstøytande næringar, samt i vårt eige strategiske arbeid med utdanning og forskning. Internasjonaliseringsarbeidet er ei utfordring for HIB. Ikkje minst er dette viktig i samband med master- og forskarutdanninga. Høgskulen må difor prioritere oppfølging av arbeidet med Handlingsplan for internasjonalisering både innan forskning og utdanning og sørgje for å få avtaler forankra på institusjonsnivå.

G. Framdrift og realisering av bygg- og organisasjonsprosjekta

- (1) At samlokalisering, flytting og omorganisering går ut over undervisninga og eksamensavviklinga.
- (2) At det er ein manglande motivasjon blant dei tilsette før, under og etter flyttefasen og «energilekkasje» i gjennomføringa.
- (3) At det er for svak gjennomføringsevne og integrasjon mellom dei ulike prosjekta og delprosjekta knytt til samlokaliseringa.
- (4) At det kan oppstå uventa hendingar i prosjekta som forsinkar framdrifta.
- (5) At arealbehovet i forhold til reell vekst ikkje er godt nok dekt.

Sannsynlighet	5					
	4					
	3					
	2				5	2
	1				4	3
		1	2	3	4	5
Konsekvens						

Høgskulen er merksam på mange av dei sentrale risikoelementa knytt til bygg- og organisasjonsprosjekta. Dette blei i stor grad avdekket i den risikovurderinga som høgskolen utarbeidde våren 2013.

Risikoelementa vil ha høg konsekvens særleg i forhold til bygg- og organisasjonsprosjekta og sårbarheit i prosjektorganiseringa. Høgskulen har rigga ein prosjektorganisering som i stor grad trekk vekslar på interne ressursar og mellombelse prosjektilsette og eksterne

konsulentar. I gjennomføringa av flyttinga og omstillinga må ein vere førebudd på uventa hendingar som kan forsinke eller låse framdrifta.

3.2 PLAN FOR TILDELT BEVILGNING FOR 2014

Høgskolen er blitt tildelt ei netto bevilling på **kr 867.376.000,-** på kapittel 0260, post 50.

Budsjettforslaget for 2014 er eit relativt godt budsjett som sikrar økt handlingsrom og gir høgskolen et betre grunnlag til å følgje opp sine ambisjonar for faglig kvalitetsutvikling og oppfylle samfunnsmandatet kva gjelder tilbod til fleire utdanningssøkande.

Følgande positive forhold kan trekkast frem, ref. tab. 1:

- Ein forsvarlig husleigekompensasjon
- Finansiering av nye og vidareførte studieplassar
- God resultatuttelling, både innanfor utdanning og forskning
- Finansiering av nye stipendiatstillingar

Tabell 1: Statlig finansiering 2014, kap 0260 (i tusen kr)

Tildeling 2013	856 331
Kompensasjon for pris- og lønnsvekst	27 516
Husleigekompensasjon	41 000
Brukarløyving nybygg -utfasing	-87 805
Investeringsmidlar - teknologiske fag - utfasing	-3 000
Konsekvensjustering - vidareføring av studieplasser	17 270
Nye stipendiatstillingar (4)	1 250
Nye studieplasser haust 2014 (10)	325
Andre endringar	3 380
Resultatuttelling i finansieringssystemet:	
Studiepoeng/utveksling	9 335
Omfordeling av forskingsmidlar (RBO)	1 774
Sum 2014	867 376

Høgskolens tildeling for 2014 inneberer en nominell auke på om lag 11 mill. kr. Med verknad for budsjettåret 2013 så har høgskolen mottatt hele brukarløyvinga knytt til nybygget på Kronstad. Dersom ein ekskluderer brukarløyvinga i 2013, så er den nominelle auken på om lag 97,8 mill. kr (12,7 %). Ei hovudforklaring til den markante auken skyldast ein kompensasjon knytt til auka husleige på Kronstad. Justert for husleigekompensasjonen blir auken på 7,4 %. Med en pris- og lønnsvekstkompensasjon på 3,5 % i budsjettet (27,5 mill. kr) blir realaukinga på 3,9 %.

I revidert nasjonalbudsjett for 2012 fekk høgskolen tildelt 95 nye studieplassar, og plassane kom i tillegg til de 160 studieplassane som ble tildelt høgskolen i 2011. Dei nye studieplassane er vidareført og trappa opp i 2014. Samla budsjettauke for vidareføring av studieplassar for 2014 er om lag 17,3 mill. kr, ref. tabell 1. Den samla budsjetteffekt i 2014 er beregnet til 35,4 mill. kr, jf. tabell 2.

Intern budsjettfordeling:

Til tross for at budsjettforslaget for 2014 må omtalast som rimelig godt, opplever høgskolen likevel betydelig kostnadsvekst som utfordrar målet om budsjettbalanse. Dette gjelder ikkje minst dei framtidige husleigekostnadane. For budsjettåret 2014 er det samla husleigebudsjettet på om lag 175 mill. kr, som er ein auke på 75 mill. kr samanlikna med 2013. Ein statlig husleigekompensasjon på 41 mill. kr (2/3 effekt i 2014) gjer eit udekt

finansieringsbehov på i underkant av 30 mill. kr, og dette vil ha budsjettmessige konsekvensar for resten av budsjettet.

For å styrke grunnbudsjettet for 2014 har styret vedtatt å nytte 20 mill. kr av dei akkumulerte reservane. Høgskolens totalbudsjett vil då utgjere 887 mill. kr. Budsjettstyrkinga gjerast primært for å finansiere den merkostnaden som følger av ombyggingane i Møllendalsveien, ref. punkt 3.2 under. Styret har tidligare vedtatt å bygge opp budsjettreserver slik at høgskolen skal stå betre rusta til å møte de finansielle utfordringane med auka husleige på Kronstad og satsinga mot universitetsstatus. Å redusere reservane med 20 mill. kr i 2014 kan forsvareast, då budsjettstyrkinga i hovudsak er knytt til finansieringa av ein eingangskostnad (ombyggingane i Møllendalsveien).

Budsjettet er utarbeidet i tråd med gjeldande budsjettfordelingsmodell, vedtatt av styret hausten 2008, jf. sak 106/2008. For budsjettåret 2013 er modellen endra på et punkt, - den strategiske modulen er redusert frå 9 % til 8,5 %. Reduksjonen må sjåast i samanheng med ein kraftig auking i driftsbudsjettet i 2014, ref. auka husleige og auka ombyggingskostnader. Den strategiske avsettinga aukar likevel med 2,3 mill. kr samanlikna med 2013. Før budsjettmodellen nyttes, trekkast det ut særskilte avsettingar:

Tab 2 Statlig løyving 2014, kap. 260 (i tusen kr)

	887 376
Særløyvingar:	
Husleigekompensasjon	-41 000
Dykkerutdanninga	-18 029
Forkurs ingeniørutdanning	-1 368
Desentralisert utdanningstilbod	-1 027
Små driftsmidlar	-920
Utdanningstilbod for tospråklige lærarar	-303
Komp. for lønnsoppgjør 2014	-14 000
Nye studieplasser h-2014	-325
Nye stipendiatstillingar	-1 250
Metningsdykkerutdanning/Dykkerutdanning - investeringsmidlar	-5 613
Styrking av grunnskolelærarutdanning	-10 802
Vidareføring av tidlegare tildelte studieplasser	-35 365
	-130 002
Til fordeling i budsjettmodell	757 374

Tab. 3 Forslag til budsjett 2014 iht. budsjettfordelingsmodellen

		2014		2013
Modul 1	Strategiske tiltak	64 342 036	8,5 %	62 007 660
Modul 2	Faste fellesutgifter	201 352 726	26,6 %	152 952 228
Modul 3	Sentraladministrasjonen	90 078 851	11,9 %	83 365 854
Modul 4	Basis	215 735 063	28,5 %	221 849 628
Modul 5	Undervisning	166 532 330	22,0 %	151 574 280

Modul 6	Forsking	18 924 128	2,5 %	17 224 350
		756 965 134	100,0 %	688 974 000

Avsettingane til fellestiltak, om lag 201,3 mill. kr. er fordelt på følgende tiltak.

Tab. 4 Budsjettavsetningar til felles tiltak i 2014

	2014	2013
Tillitsvalde på verksemdsnivå	1 200 000	1 100 000
Velferdsmidlar	560 000	560 000
Profilerings- og markedsstrategi	3 700 000	3 350 000
HMS/bedriftshelseteneste	600 000	700 000
Kopinor avgift	2 150 000	2 250 000
Sentrale IT-midlar	11 000 000	9 900 000
Oppfølging - kvalitetssikringssystem	300 000	300 000
Driftsmidlar internasjonalisering	1 150 000	1 150 000
Studentvelferd	2 300 000	1 400 000
EFV - utviklingsmidlar	100 000	100 000
Formidlingstiltak	400 000	600 000
Leder- og organisasjonsutvikling	500 000	500 000
Personalpolitiske tiltak	1 500 000	2 000 000
Kompetansemidlar	1 800 000	1 800 000
IKT-prosjekter	2 500 000	1 000 000
IKT-investeringar og andre investeringar	4 500 000	6 600 000
Vitskapeleg utstyr og Inventar	1 000 000	5 300 000
Studentparlamentet	2 000 000	1 750 000
Midlar til fellestiltak v/høgskoledirektør	4 120 000	3 400 000
Drift/vedlikehald Nygård	3 970 000	3 692 000
Prosjekt Møllendalsveien	22 000 000	5 000 000
Husleige m.m.	134 000 000	100 500 000
Sum midlar til fellestiltak	201 350 000	152 952 000

Tab. 5: Foreløpige budsjettammer 2014 (eks. strategiske midlar, investeringsmidlar og vidareføring av nye studieplasser)

	2014	2013	kr endring 13-14	% endring 13-14
Avdeling for lærerutdanning	142 487 361	138 300 563	4 186 798	3,03 %
Avdeling for ingeniørutdanning	128 538 508	124 888 402	3 650 106	2,92 %
Avdeling for helse- og sosialfag	123 285 652	120 701 293	2 584 359	2,14 %
Sentraladministrasjonen	89 128 851	82 415 854	6 712 997	8,15 %
Felles	273 524 762	222 667 888	50 856 874	22,84 %
	756 965 135	688 974 000	67 991 135	9,87 %

Tabellen over gir en samanstilling mellom budsjettfordeling 2013 og 2014 med utgangspunkt i de budsjetttrammer som er nytta i høgskolens budsjettmodell. Tala per eining inkluderer ikkje studieplassfinansiering av nye studieplassar, investeringsmidlar eller strategiske midlar.

Tab. 6: Totale budsjetttrammer 2014 per eining inkl. finansiering av nye og vidareførte studieplasser samt særtildelingar

	Budsjettmodell	Studieplasser	Særtildelingar	Budsjett 2014	Budsjett 2013	% 2013-14	% 2012-13
Avdeling for lærerutdanning	142 487 361	9 715 000	11 105 255	163 307 616	156 433 063	4,4 %	11,7 %
Avdeling for ingeniørutdanning	128 538 508	17 100 000	1 693 270	147 331 778	140 392 902	4,9 %	13,0 %
Avdeling for helse og sosialfag	123 285 652	8 550 000	1 026 720	132 862 372	127 284 543	4,4 %	8,1 %
Sentraladministrasjonen	89 128 851	0	0	89 128 851	82 415 854	8,1 %	6,1 %
Felles	273 524 762		56 545 115	330 069 877	241 531 138	36,7 %	11,0 %
	756 965 135	35 365 000	70 370 360	862 700 495	748 057 500	15,3 %	10,4 %
Metningsdykkerutdanningen-drift			5 612 805	5 612 805			
Dykkerutdanningen			18 029 700	18 029 700			
TOTALT 2014-BUDSJETT	756 965 135	35 365 000	94 012 865	886 343 000			

Det er vidare vedtatt å avsette om lag **64,3 mill. kr. i strategiske midlar**, noko som er ein auke på 2,3 mill. kr. samanlikna med 2013, ref. tab. 3. Den strategiske avsettinga skal vere knytt til gjennomføring av høgskolens strategiske plan, og skal vere ein budsjettmessig konkretisering av høgskolens årsplan for 2014. Forslag til fordeling er basert på søknader frå einingane og innspel gitt i styringsdialogmøta hausten 2013.

Einingane må sjølv frigjere midlar, innafor ordinære budsjetttrammer, til delvis finansiering av strategiske tiltak. Dei sentrale, strategiske avsettingane vil, i dei fleste tilfella, berre representere ein delfinansiering av tiltaka.

Tab 7: Fordeling av den strategiske avsettinga 2014 (alle tal i tusen kr)

Fordeling av strategiske midler 2014

	AI	AHS	AL	MS	HIB	Bibliotek	TOTALT
1. FAGLIGE SATSNINGSOMRÅDER							
1.1 Delfinansiering av sentrene	2 100	2 100	3 600				7 800
1.2 Faglige satsningsområder	2 600	2 600	2 600	840	1 650		10 290
1.3 Styrke doktorgradsprogram					11 500		11 500
1.4 Strategiske forskningsmidler og egenandeler					6 280		6 280
1.5 Særskilt styrking av FoU/N	1 400						1 400
2. UTDANNINGSTILTAK							
2.1 Utvikling/omlegging av studietilbud	1 000	1 800	470				3 270
2.2 Rekrutterings- og gjennomstrømningstiltak	2 300		400				2 700
2.3 Kvalitetsutvikl., her under eLæringsprosjekter		1 250	500		1 100		2 850
2.4 Internasjonalisering	600	1 000	600		900		3 100
3. SÆRSKILTE TILTAK							
3.1 Utdanningsamarbeid Sudan		500					500
3.2 Aktivt eierskap					400		400
3.3 Omstillingsarbeid	600	600	1 200		1 500	150	4 050
3.4 Kvalitetsheving praksisfeltet			1 400				1 400
3.5 Utvikling av høyskole-web					2 100		2 100
3.6 Andre tiltak					2 330	325	2 655
3.7 Strategisk avsetning, ufordelt reserve					4 000		4 000
2014	10 600	9 850	10 770	840	31 760	475	64 295
2013	10 300	9 600	10 330	620	30 850	300	62 000

Samla budsjettfordeling 2014:

Totalt er 867,376 mill. kr stilt til disposisjon for høgskolen i 2014 over budsjettkapittel 260, post 5. I tillegg har styret vedtatt å styrke budsjettet for 2014 med 20 mill. kr. Dette gjer eit totalbudsjett **887,376 mill. kr** for 2014.

Endelig budsjettildeling for 2014 vil bli justert iht. eininganes meirbruk/mindreforbruk i 2013.

Tab 8: Fordeling av statsløyvinga 2014, kap. 260 (alle tal i tusen kr)

	AHS	AI	AL	SA	Felles	Totalt
Hovudfordeling	132 864	165 361	163 307	89 128	265 888	816 548
Revidert statsbudsjett	160	112	136	0	625	1 033
IKT-investeringar	600	600	600	400	2 300	4 500
Vitskapleg utstyr og inventar	0	0	0	0	1000	1 000
Strategiske avsetningar	9 850	10 600	10 770	1315	31 760	64 295
TOTALT	143 474	176 673	174 813	90 843	301 573	887 376
2013	138 434	170 762	168 313	84 486	294 335	856 330
% endring 2013-14	3,6 %	3,5 %	3,9 %	7,5 %	2,5 %	3,6 %
% endring 2012-13	8,5 %	12,2 %	11,8 %	6,9 %	-19,4 %	-2,1 %

Som det går fram av tabell 8, så er den prosentvise budsjettauken frå 2013-2014 for einingane, mellom 3,5-7,5 %. Avdelingane har fått tilnærma lik budsjettvekst, 3,5-3,9 %. Størst er auken for Sentraladministrasjonen, men dette må sjåast i samanheng med at den eininga fikk lågaste budsjettvekst 2012-13.

Vedlegg

RAPPORT OG PLANER 2013-2014 LIKESTILLING OG MANGFOLD

Redegjørelse – Likestilling og mangfold

Høgskolens rapportering er basert på høgskolerådets veileder «Hvordan oppfylle likestillingslovens aktivitets- og rapporteringsplikt? Anbefalinger og veiledning til universiteter og høgskoler». I følge disse anbefalingene skal virksomheten rapportere både på tilstand og aktivitet på kjønn, og kun for aktivitet på etnisitet og nedsatt funksjonsevne.

Kjønnslikestilling

Fra Database for høyere utdanning (DBH) har vi hentet ut tall som illustrerer tilstanden når det gjelder likestilling. For full oversikt over alle kategorier viser vi til databasen: <http://dbh.nsd.uib.no/>

Tabell 1-4 viser at Høgskolen i Bergen er preget av tradisjonell kjønnsfordeling både vertikalt og horisontalt i organisasjonen. Det er tydelig overvekt av menn i ingeniørutdanningene, kvinnedominans i lærerutdanningene og helse- og sosialfagene. Kvinneandelen blant professorene er på beskjedne 27,8 %. I lederstillinger har høgskolen lagt godt an de siste årene. I 2013 var den på 54,5 %. Høgskolen arbeider aktivt med disse utfordringene og tiltakene våre blir gjort rede for under *aktiviteter kjønnsfordeling*.

Kjønnsdelt statistikk over uttak av velferds- og omsorgspermisjoner og kjønnsfordeling blant søkere til faste vitenskapelige stillinger, innkalte til intervju er ikke med i rapport for 2013. Det skyldes utfordrende tekniske løsninger og mangel på personell til å gjøre den svært arbeidskrevende jobben å produsere slik statistikk manuelt.

Kjønnsbalanse fordelt på avdelinger og stillingskategorier

Kilde: Database for høyere utdanning. Alle tall er i hele årsverk.

Tabell 1	2010		2011		2012		2013	
Alle stillingskategorier	Totalt	Kv.%	Totalt	Kv%	Totalt	Kv%	Totalt	Kv%
Helse- og sosialfag	179,2	80,1	189,9	80,7	189,6	80,1	197	80,1
Ingeniørutdanning	173,5	25	177,2	24,8	185,8	27,2	186,6	27,4
Lærerutdanning	204,1	64,8	204,1	65,9	211,6	66,6	219,8	67,5
Administrasjonen (SA)	109,9	64,8	204,1	65,9	115,5	65,5	140,2	61,6
Totalt	666,7	58,7	687,5	59,6	702,6	59,8	743,5	59,5

* Kv = kvinner

Tabell 2	2010		2011		2012		2013	
Administrative stillinger	Totalt	Kv%	Totalt	Kv%	Totalt	Kv%	Totalt	Kv%
Kontorstillinger	2,6	70,6	2,6	80,4	1,6	51,6	2,1	75,6
Lederstillinger	9,0	55,6	11,0	45,5	11,0	54,5	11,0	54,5
Mellomlederstillinger	26,6	36,8	23,8	25,3	21,8	27,6	21,8	31,0
Saksbehandlere/utredere	126,4	71,0	126,4	76,4	135,4	73,5	151,2	70,2
Totalt	164,6	64,6	163,8	66,9	169,7	66,2		

Tabell 3	2010		2011		2012		2013	
Undervisnings- og forskerstillinger	Totalt	Kv%	Totalt	Kv%	Totalt	Kv%	Totalt	Kv%
Professor	14,8	29,1	15,9	20,1	21,7	27	22,7	27,8
Dosent	1	100	1	100	2	50	3,6	44,4
Førsteamanuensis	106,5	51,5	106,3	52,4	115,5	54,3	116,9	54,7
Førstelektor	45,6	64	47,4	65,6	49,2	68,3	47,6	71,0
Høgskolelektor	227,7	61,8	238,3	64	231,1	65	246,4	67
Høgskolelærer	22,8	71,9	21,6	66,6	20,2	64,6	14,9	66,7
Totalt	418,4	58,7	430,5	59,7	439,6	60,6	452,1	62,0

Tabell 4	Helse- og sosialfag		Ingeniørutdanning		Lærerutdanning	
Undervisnings – og forskerstill.	Antall	%	Antall	%	Antall	%
	152,2	82,3	117,3	26,9	178,4	67,7

Kjønnsdelt statistikk over arbeidstid 2013

Andelen kvinner blant midlertidig tilsatte i undervisnings-, forsknings og formidlingsstillinger er 65,2 % av totalt 116,4 midlertidige årsverk.

Andelen kvinner blant midlertidig tilsatte i administrative stillinger er 43 % av totalt 46,4 midlertidige årsverk.

Som hovedregel utlyses alle faste stillinger ved HiB ut som heltidsstillinger. Den høye andelen midlertidighet i undervisnings-, forsknings og formidlingsstillinger skyldes i stor grad eksterntfinansierte stillinger, oppdragsstillinger og ene vikariater.

Gjennomsnittslønn

Tabell 5 viser gjennomsnitt lønnstrinn pr 1.3.2014 utvalgte stillingskoder ("lønnstrinn pr hode")

(faste, vikarer, midlertidige, oppdrag, åremål, bistilling, stipendiater. Også de i permisjon. Til sammen 873 tilsatte).

Tabell 5	Lpl.	St.kode	Høgskolen		AHS		AI		AI Dykker utd.		AL		SA	
			K	M	K	M	K	M	K	M	K	M	K	M
Kjønn														
Alle stillinger	Alle	Alle	60,7	63,3	62,5	64,6	62,2	64,7	52	59,7	61	64	55,2	55,5
Undervisnings- og forskerstillinger:														
Professor	17.5 10	1013	74,4	75,2	73,1	75	78,7	75,7			74,7	74,3		
Førsteamanuensis	17.5 10	1011	66,3	67,5	68,1	68,6	66,8	68,7			64,7	65,2	z	z
Førstelektor	17.5 10	1198	67	68,5	67,9	z		70,4			66,3	66,5		
Høgskolelektor	17.5 10	1008	62,6	64,5	63,1	63,3	65,2	66,2			61,1	62,1		z
Høgskolelærer	17.5 10	1007	53,8	57,9	56	56,7	z	59			51,8	56,6		
Dykkerinstruktør	17.2 20	996		59,5						59,5				
Teknisk – administrative stillinger:														
Førstesekretær	90.1 03	1063	41,8	z			39,5	z					43,3	
Konsulent	90.1 03	1065	45	z	44,5		z			z	z		45,5	z
Førstekonsulent	90.1 03	1408	50	49,9	49,8	49,5	45	z	z		50,3	52,7	50,8	50,8
Seniorkonsulent	90.1 03	1363	55,7	55,1	56,7	53,5	56,7	z	z	56		54,4	55,4	55,3
Rådgiver	90.5 00	1434	61,7	60,4	z			60					61,6	60,6
Avdelingsingeniør	90.3 01	1085	50,5	50,9			z	50,3					50	51,8
Bibliotekar	90.2 05	1410	53	z									53	z
Stipendiater:														
Stipendiat	17.5 15	1017	51,7	50,9	51,2	51,8		51,1			52,3	49,8		
Stipendiat		1378						z						

Z = det er kun en tilsatt i stillingskoden ved enheten, lønnstrinn oppgis ikke. I SA er også tatt med IKT personale, ansatte ved bibliotekene og mediesenter. B-tillegg og kronetillegg er ikke tatt med

Kjønnsdelt statistikk ved relevante personalpolitiske satsinger

Høgskolen arbeider systematisk med kompetanseheving, og det er satt av egne midler til kompetanseheving for kvinner i vitenskapelige stillinger. Tabellen viser resultatet for opprykk for tilsatte i undervisnings- og forskerstillinger i 2013

Antall 2013 – opprykk til:	AHS	AI	AL	Totalt 2013	Antall kvinner
Professor	1	2	2	5	3
Dosent	-	-	1	1	1
Førsteamanuensis/dr.grad	3	1	2	6	3
Førstelektor	2	-	4	6	5
Sum	6	4	6	18	12

Rekruttering av medarbeidere

I veilederen som kom i desember 2012 stilles det krav om å rapportere på rekruttering av medarbeidere. Det vil si kjønnsfordeling blant søkere til faste vitenskapelige stillinger, innkalte til intervju og kjønnsfordeling på nytilsatte. Høgskolen i Bergen har av tekniske årsaker ikke hatt mulighet til å hente ut rapporter over kjønnsfordeling blant søkere til faste vitenskapelige stillinger og innkalte til intervju. Bemanningssituasjonen har ikke tillatt at vi har kunnet produsere en manuell rapport, slik det ble gjort i 2012. Kjønnsfordeling på nytilsatte i faste stillinger har vi oversikt på, og den er som følger:

Antall nye tilsatte i **faste** vitenskapelige stillinger i 2013 var 14.

AHS 1 nytilsatt kvinne

AI: 8 nytilsatte hvorav 3 kvinner

AL: 5 nytilsatte hvorav 3 kvinner

I gruppen teknisk- administrative stillinger 2013 ble det i 2013 tilsatt 17 personer i faste stillinger. Av disse var 11 kvinner.

Aktiviteter kjønnslikestilling

Høgskolen i Bergen har en egen handlingsplan for likestilling og mangfold som ligger til grunn for arbeidet på området.

I det følgende gis det en oversikt over tiltak som er gjennomført i 2013.

Oversikt likestillingstiltak 2013

I 2013 fikk HiB i samarbeid med UiB, Uni Rokkan Senteret og Havforskningsinstituttet tildelt midler fra BALANSE prosjektet, et tiltak i regi av forskningsrådet for å øke andelen kvinner i professorstillinger og forskningsledelse. Institusjonene skal samarbeide om felles likestillingsmodul i lederopplæring og mentorprogram. Uni Rokkan Senteret bidrar med følgeforskning. UiB er prosjektleder for tiltaket som varer ut 2016.

1. Frikjøp til professorkvalifisering for kvinner.

Status: to kvinner på Avdeling for ingeniørfag er tildelt midler og i gang med kvalifisering. Ved Avdeling for helse- og sosialfag har tre kvinner fått frikjøp. Ved Avdeling for lærerutdanning er det tildelt frikjøpsstipend til to kvinner.

To kvinner som tidligere har fått kvalifiseringsmidler ble kvalifiserte som professor i 2013. De to er fra henholdsvis Avdeling for helse- og sosialfag og Avdeling for lærerutdanning.

2. Støtte til oppstart av stipendiat for startpakke til professorkvalifisering for kvinner. kr 750 000. (Pris-midler 350 000, egne midler 500000) Status: Brukt på stipendiatstilling på AL.
3. Etablere mentornettverk for kvinner for videre forskningsutvikling
Planlegging påbegynt, tiltaket videreføres i BALANSE- prosjektet sammen med UiB m.fl.
4. Rekruttere kvinnelige professor II/førsteamanuensis som mentor i ingeniørfag
Kr 850 000,- (Prismidler 400 000,-, egne midler 450 000,-)
Status: en kvinne er tilsatt i professor II stilling til 31.12.2015.
5. Etablere søkekomité for rekruttering av kvinner til ingeniørfag.
Kr 100 000,- (Kun prismidler). Status: under planlegging.
6. Tiltak for rekruttering av studenter:
Menn til førskolelærerutdanning: vi har etablert et introduksjonskurs for potensielle studenter i samarbeid med Bergen kommune. Nettverk for menn i utdanningen er etablert. I 2013 er antallet registrerte mannlige studenter 59 av total 272. Jentedag for rekruttering av kvinnelige studenter til ingeniørfag er gjennomført.

Tiltaksrapportering – likestilling og diskriminering

Høgskolen i Bergen er opptatt av å sikre likebehandling og hindre diskriminering på grunn av etnisitet, alder eller nedsatt funksjonsevne. Dette er nedfelt i handlingsplan for likestilling og mangfold. I Strategisk plan for 2011-2015 er det slått fast at likestilling og likeverd skal sikres for både tilsatte og studenter. Det betyr at ingen former for diskriminering skal forekomme – heller ikke av grupper som ikke er eksplisitt nevnt i handlingsplan for Likestilling og mangfold. Høgskolen har en egen handlingsplan for internasjonalisering og retningslinjer mot uønsket seksuell oppmerksomhet og trakassering.

I veilederen for rapportering slås det fast at det skal redegjøres for planlagte og gjennomførte aktiviteter. Registrering av etnisitet, funksjonsevne mm er ikke tillatt og tallmateriale på området finnes ikke.

Rekruttering

Rekruttering av medarbeidere

Ved utlysning av stillinger bruker høgskolen følgende standardformulering:

«Den statlige arbeidsstyrken skal i størst mulig grad gjenspeile mangfoldet i befolkningen. Det er derfor et personalpolitisk mål å oppnå en balansert alders- og kjønnsammensetning og rekruttere personer med innvandrerbakgrunn. Personer med innvandrer bakgrunn oppfordres til å søke stillingen.»

Høgskolen i Bergen har elektronisk søknadshåndtering. Der opplyses det om at høgskolen kaller inn minst en person med ikke-vestlig bakgrunn til jobbintervju. Dersom søker har innvandrerbakgrunn og ønsker at det skal registreres kan de gjøre det i søknadsskjemaet. Det samme gjelder for personer med nedsatt funksjonsevne.

Det er personal- og organisasjonsavdelingen som fører tilsyn med at kravet til å kalle inn minst en søker med innvandrerbakgrunn eller funksjonsevne følges opp i praksis.

Rekruttering av studenter

Høgskolen arbeider aktivt for å rekruttere studenter internasjonalt. De enkelte avdelinger har egne opplegg for mottak og å ivareta disse studentene. Internasjonalt kontor bidrar også på feltet. Høgskolen har nedsatt en egen ressursgruppe for å bidra til økt rekruttering av studenter fra Norge med flerkulturell bakgrunn.

Universell utforming

Høgskolen skal være tilgjengelig for alle og det legges ned mye arbeid i å sikre universell utforming i det nye bygget på Kronstad og lokalene Møllendalsveien, jf. byggeteknisk forskrift Tek 10 for universell utforming.